

PLANSKILDING

SJØ-OG STRANDSONEPLAN

Arealplan etter Plan- og bygningslova § 11-5

Vedlegg 1 av 9

KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ- OG STRANDSONE FOR OSTERØY KOMMUNE 2016-2026

Planframlegg 1.gongs handsaming

revidert dato: 01.02.2016 | vedtak: FSsak 000/16 | planID 12532014007



KOMMUNEDELPLAN FOR SJØ OG STRANDSONA 2016 - 2026

OSTERØY KOMMUNE FS-sak 000/16 - 1.gongs høyring og offentleg ettersyn

PLANFRAMMLEGGET BESTÅR AV 9 VEDLEGG

Plandokument:

Vedlegg 1 – Planskildring

Vedlegg 2 – Føresegn

Vedlegg 3 – Plankart

Temakart og anna grunnlagsinformasjon:

Vedlegg 4 – Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarhetsvurdering

Vedlegg 5 – Vurdering etter Naturmangfaldslova § 7 – 12

Vedlegg 6 – Temakart friluftsliv

Vedlegg 7 – Temakart flaum og skredfare

Vedlegg 8 – Rapport Kartlegging av funksjonell strandsona – Osterøy kommune 2014

Vedlegg 9 – Oversikt innkomne merknadar

NØKKELOPPLYSNINGAR

Plantype:	Kommunedelplan med konsekvensutgreiing og ROS-analyse		
Tiltakshavar:	Osterøy kommune		
Utførande:	Osterøy kommune v/ Planavdelinga		
Overordna/ Kommuneplan:	KPA 2011-2023 (planID 12532010001)		
Arealplan ID:	1253 2014007		
Arealføremål:	Sentrum, bustad, forretning, næring, grøntareal mm		
Prosess:	Planprogram	1.gongs handsaming Formannskapet FS-sak xxx/15 høyring Vedtak Formannskapet FS-sak xxx/15	
	Planframlegg	1.gongs handsaming Formannskapet Høyring	
Merknader sendast til:	adr: Osterøy kommune v/ Plan, Rådhusplassen, 5282 Lonevåg e-post: post@osteroy.kommune.no elektronisk høyringsskjema: skjema høyring (husk å redigere lenkje!) Innsending merkast med: «merknad Sjø-og strandsona plan sID 14/3495»		
Innsyn plansak:	Følg link: innsyn arkivsak // tittel: 12532014007 - Kommunedelplan for sjø- og strandsona // saksnr: 14/3495		
Kunngjering:	www.osteroy.kommune.no/kunngjeringar-planarbeid		
Meir info:	www.osteroy.kommune.no/kommunedelplan-for-sjoe-og-strandsone		
Kontaktpersonar:	Jostein Klette	e-post: jostein.klette@osteroy.kommune.no	tlf: 56192171
	planavdelinga	e-post: plan@osteroy.kommune.no	tlf: 56192100

INNHALD

1. Innleiing.....	6
1.1. Bakgrunn for planarbeidet	6
1.2. Føremål.....	6
1.3. Planområde og avgrensing	6
1.4. Organisering og medverknad	6
2. Overordna rammer og føringar	7
2.1. Nasjonale føringar	7
2.2. Regionale føringar	9
2.3. Lokale Føringar	9
2.4 Føringar for kommunedelplanen for sjø og strandsone	10
3. Gjennomgang av arealendringar	11
3.1 Om arealinnspela.....	11
3.2 Konsekvensutgreiing og risiko- og Sårbarvurdering av nye areal	11
3.3 Bustad og fritidsbustader	12
3.4 Naust.....	14
3.5 Småbåthamner	17
3.6 Næring	19
3.7 Grøne strukturar	20
3.8 Akvakultur.....	22
3.9 Arealinnspel som ikkje er vurdert i planen.....	24
3.10 Innspel som ikkje omhandlar arealendringar	25
3.11 Korrigering av plankart	26
4. Gjennomgang av tema og vurderinga av verknadar	27
4.1 Strandsone.....	27
Kartlegging av funksjonell strandsone	27
Byggjegrænse	27
Tilhøve til eldre planar	28
Overordna konsekvens for strandsona.....	29
4.2 Naturmangfald.....	31

Overordna konsekvensar for naturmangfald	33
4.3 Kulturminne	35
Kyrkjestader	35
Automatisk freda kulturminne.....	35
Teknisk-industrielle kulturminne i strandsona	36
Havrådet	37
Andre kulturminner i sjø og strandsona	37
Oversikt over nye omsynssoner for kulturminner.....	37
Overordna konsekvensar for Kulturminner	38
4.4 Friluftsliv	40
Barnetrakk.....	40
Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde	40
Overordna konsekvensar for Friluftsliv og folkehelse	41
4.5 Akvakultur.....	43
Fjordsystemet kring Osterøy.....	43
Laksefjorden kring Osterøy	44
Sørfjorden sin miljøtilstand.....	44
Tiltak for å betra miljøtilhøve	46
Akvakultur som verdiskapar	46
Overordna verknadar av endringar i akvakultur.....	46
4.6 Samfunnstryggleik	50
Skred	50
Klimatilpassing	51
Overordna konsekvensar	53
5. Oppsummering	55

Figurliste

Figur 1. Oversikt over område for bustad/fritidsbustad som er vurdert i planen.	12
Figur 2. Oversikt over innkomne innspel knytt til bustad og fritidsbustad. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreiinga.	13
Figur 3. Oversikt over naustområde vurdert i planen.	15
Figur 4. Oversikt over innkomne innspel om naust. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreiinga.	16
Figur 5 syner talet på båtplassar i småbåthamner i kommunen. Talet er basert på teljing frå flyfoto og regulerte plasser i gjeldande reguleringsplan, og kan avvike noko i frå faktisk tal på småbåtplassar.	17
Figur 6 syner lokalisering av småbåthamner som er lagt inn i planen. Alle småbåthamnene er eksisterande med unntak av ny lokalisering i Fotlandsvåg. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreiinga.	18
Figur 7. Oversikt over næringsareal i strandsona.	19
Figur 8. Oversikt over næringsområde vurdert i planen. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreiinga.	20
Figur 9. Oversikt over fri- og friluftsområde vurdert i planen. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreiinga.	21
Figur 10. Oversikt over fri- og friluftsområde som er vurdert i planen. Alle innspela i tabellen er tilrådd. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreiinga.	22
Figur 11. Syner endringar av område i høve til akvakultur. Nummerering viser til vurdering av enkeltareal i konsekvensutgreiinga.	23
Figur 12. Oversikt over merknadar som ikkje er knytt til endring av arealføremål.	26
Figur 13. Gjennomgang av gjeldande reguleringsplaner i strandsona.	29
Figur 14 syner lokalitetar med kartlagde naturtypar i Osterøy kommune.	31
F Figur 15. Laksegilje på Askjelsneset.	35
Figur 16. Kalksteinsgruvene ved Skaftå.	36
Figur 17 syner terskel og djupner rundt Osterøy. Vassførekomsten Sørfjorden er markert med gult. Terskel ved Garnes-Votlo er synt med raudt og djupaste parti er vist med svart (kjelde: vann-nett.no).	43
Figur 18 syner godkjende konsesjoner til akvakulturanlegg rundt Osterøy (Kjelde: fiskeridir.no).	44
Figur 19. Figuren til venstre syner oversikt over kjende skredhendingar i kommunen. Figuren til høgre syner område som er vurdert til å kunne vera skredutsett, der mørk raud farge syner utløysingsområde og rosa er utløpsområde for skred (www.skrednett.no).	50
Figur 20 syner endringar i havnivå for Osterøy fram til år 2100. Scenario for redusert utslepp er synt med blått og høgt utsleppsnivå er synt med lilla (Kjelde: NKSS, rapport 1/2015).	52
Figur 21 syner framskriving for auke i nedbør fram til år 2100 i prosent. Blå graf syner middels utsleppscenario medan raud graf syner høgt utsleppscenario (Kjelde: NKSS, RAPPORT 2/2015).	53

1. INNLEIING

1.1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Osterøy kommune har vedteke i gjeldande planstrategi (2012-2016) at det skal utarbeidast ein kommunedelplan for strandsona. Bakgrunnen for dette er at gjeldande kommuneplan og kystsonoplan ikkje omhandlar eller tek stilling til ein del problemstillingar knytt til strandsona. I tillegg ser kommunen at det vil vera ein fordel å kunne fastsetje ei meir lokalt tilpassa byggjegrænse gjennom ei kartlegging av funksjonell strandsona.

I tillegg har aktørane innan akvakultur ynskjer om å gjera endringar i strukturen for oppdrettslokalitetane og kommunen ynskjer å sjå på arealdisponeringane for akvakultur. Kommunen meiner dette best vert løyst gjennom ein overordna plan.

Planprogram for kommunedelplanen vart endeleg vedteke av Heradsstyret 17.06.2015 og danna rammeverket for utarbeiding av planen.

1.2. FØREMÅL

Føremålet med arbeidet er å utarbeida ein arealplan som skal fungera som eit styrande dokument for arealforvaltninga i sjø og for strandsona. Planen skal sikre innbyggjarar og andre tilgang til sjø, viktige naturverdiar og ivareta mulighet for næringsutvikling.

1.3. PLANOMRÅDE OG AVGRENSING

Det vart varsla om revidert oppstart av kommunedelplan for sjø og strandsona i brev dagsett 06.10.15. Bakgrunnen er at det er fleire tekniske feil i gjeldande kommuneplankart. Ein vil nytte pågåande prosess med kommunedelplanen til å samstundes retta opp i tekniske feil og gjera mindre justeringar i kommuneplanen sin arealdel. Med denne løysinga kan ein samstundes nytta same plankart og føresegn for kommunedelplanen og kommuneplanen sin arealdel i ein overgangsfase til ein får rullert kommuneplanen og kan samanstillе desse to planene. Denne løysinga vil gjere det tydelegare kva som skal gjelde for forvaltning av areal i kommunen.

Planområdet omfattar etter ny oppstartsmelding heile kommunen sitt areal. Det er berre opna for innspel om arealendringar frå kommunegrensa i sjø til funksjonell strandsona på land. Enkelte av omsynssonene som er sett vil ha ei avgrensing ut over dette sida dette til dømes gjeld faresone langs vassdrag og liknande, og det er naturleg å la dette dekkje heile areala som er rørt.

1.4. ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Planen er utarbeida av planavdelinga i Osterøy kommune. Asplan Viak AS har utarbeida rapport om kartlegging av funksjonell strandsone.

Det har vore sett ned ei arbeidsgruppe som er sett saman av Plan- og kommunalteknisk utval og ei styringsgruppe som består av Formannskapet. Det har vore omtrent eitt møte i månaden med arbeidsgruppa.

Det har i samband med planarbeidet vore gjennomført kartlegging av barnetrakk på Hosanger barneskule 5-7. kl) og Lonevåg barneskule (6. kl).

I tillegg har det vore gjennomført kartlegging av friluftsområde i kommunen, jf. Miljøverndirektoratet si kartlegging og verdisetting av friluftsområde. Her har det vore ei arbeidsgruppe frå kommunen og ei referansegruppe som har bestått av frivillige lag og organisasjonar som har delteke på fleire arbeidsmøter. Føremålet med kartlegginga er å registrera og verdisetja alle friluftsområda i kommunen.

Det har vore halde eit informasjonsmøte ved offentleg ettersyn av planprogrammet og skal haldast eit informasjonsmøte ved offentleg ettersyn av kommunedelplanen.

Konsekvensutgreiinga og risikoanalysen vart administrativt gjennomgått av ei arbeidsgruppe med personar frå tekniske tenester, landbruk, byggesak, folkehelse og plan.

Det har vore møte med styresmaktene som forvaltar lovverk som regulerar akvakultur, det vil sei fylkesmann, fylkeskommune og fiskeridirektorat. Kommunen inviterte òg inn selskapa som har akvakulturkonsesjonar i kommunen til eit møte for å drøfte framtidsutsikter og trong for areal og liknande.

2. OVERORDNA RAMMER OG FØRINGAR

2.1. NASJONALE FØRINGAR

∞ Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2015)

Regjeringa sine forventningar til regional og kommunal planlegging skal leggast til grunn for utarbeiding av planar i kommunane. Dokumentet syner til klimaendringar og nødvendigheita for å omstille og tilpasse samfunnet for å oppnå ei berekraftig areal- og samfunnsutvikling. Vidare er det sett fokus på god forvaltning av natur- og kulturminneverdiar. Fiskeri- og havbruksnæring vert trekt fram som ei viktig næring langs kysten og regjeringa legg opp til forutsigbar vekst i lakse- og aureoppdrettsnæringa med føresetnad om miljømessig berekraft.

∞ Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2011)

Planretningslinjene har som føremål å tydeleggjera nasjonale føringar i 100-metersbeltet. I retningslinjene er det gjort ei geografisk differensiering mellom område som har stort og lite utbyggingspress. Differensieringa har som føremål å styrke vernet av strandsona der byggepresset er stort og gje område med mindre byggepress meir fleksibilitet utan at dei omsyna som gjer seg gjeldande i strandsona vert sett til side. Den geografiske differensieringa deler landet inn i 3 hovudområde:

- Kystkommunar i Oslofjordregionen
- Andre område der presset på arealet er stort
- Område med mindre press på arealet

Osterøy kommune er plassert i kategorien «*område der det er mindre press på arealet*».

Viktige retningslinjer for desse områda er mellom anna:

- Utbygging bør så langt som mulig lokaliserast til område som er bebygd frå før. Utbygging i område med spesielle kvaliteter og interesser skal unngåast.
- Det bør ikkje opnast for utbygging i område som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og ålmenn ferdsel, naturkvaliteter, naturmangfald, kulturminner, kulturmiljø og landskap.
- Alternative plasseringar bør vurderast og veljast dersom det er mulig. Tiltak som tillatast må tilpassast landskapet best mulig.
- Trongen for næringsutvikling og arbeidsplasser skal tilleggast vekt ved vurdering av tiltak i 100-metersbeltet.

∞ Strategi for en miljømessig berekraftig havbruksnæring

Her er det vist til at:

- «*Alle oppdrettslokaliteter som er i bruk holder seg innanfor en akseptabel miljøtilstand, og har ikke større utslipp av næringssalter og organisk materiale enn det resipienten tåler*»
- «*Havbruksnæringa har en lokalitetsstruktur og arealbruk som reduserer miljøpåvirkning og smitterisiko*»

∞ Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv

Viser til nasjonale mål for statleg friluftslivspolitik:

- Planlegging i kommunar skal medverka til å fremja eit aktivt friluftsliv og skapa eit helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg nærmiljø.
- Område av verdi for friluftsliv skal sikrast
- Alle skal ha mulighet til å driva friluftsliv i nærmiljøet

2.2. REGIONALE FØRINGAR

- ∞ *Fylkesdelplan for Hordaland 2005-2008* (Vidareført til den vert erstatta av ny plan)

Planen inneheld viktige regionale føringar for arealplanlegginga til kommunane i fylket. Dei sentrale for dette planarbeidet er mellom anna:

- Kystsona i Hordaland skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet.
- Privatisering av 100-metersbeltet langs sjøen skal reduserast for å sikre ålmenta tilgang til strandsone og sjøområda. Utvikling av ålmenn friluftsliv skal prioriterast før utvikling av private fritidseigedomar.
- I byggeområde skal den funksjonelle strandsone ivaretakast slik at ferdsel langs stranda vert mulig og strandområda eigna til rekreasjon ikkje vert bygd ut.
- Naust er bygningar i strandsone som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna.
-

- ∞ *Råd om planlegging og forvaltning av strandsone i Hordaland*

Denne rettleiaren inneheld råd og rettleiing for ei meir planstyrt utvikling og berekraftig bruk av strandsone i Hordaland. Det er teke utgangspunkt i nasjonale og regionale mål for strandsoneforvaltning.

- ∞ *Rammeplan for avkjørslar og byggegrensar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013 – 2016)*
- ∞ *Regional kulturplan: Premiss – kultur*
- ∞ *Regional klimaplan (2014 – 2030)*

2.3. LOKALE FØRINGAR

- ∞ *Kommuneplanen sin samfunnsdel (planprogram, 2015)*

Kommuneplanen sin samfunnsdel legg overordna føringar for kommunen som heilskap. I arbeidet med samfunnsplanen har ein i planprogrammet utpeika 5 overordna fokusområde.

Desse er:

- Møte mellom fortid og framtid
- Berekraftig utvikling
- Klimaendringar
- Folkehelse
- Trygg

∞ Kommuneplanen sin arealdel (2011 – 2023)

Kommuneplanen sin arealdel legg føringar for framtidig arealbruk i kommunen og er eit viktig strategisk dokument for ei langsiktig og berekraftig arealforvaltning.

Føresegnene til kommuneplanen viser til at byggjegrænse skal vera 100 meter dersom ikkje anna byggjegrænse er sett. Der det er sett anna byggjegrænse skal det ikkje oppførast stengsel eller andre tiltak som hindrar ålmenn ferdsel.

Det er vist til at regulering av naustområde ikkje skal skje i område som bør reserverast for rekreasjon, friluftsliv, båttilkomst eller der det kan vera til hinder for biologisk mangfald og natur. Naust skal nyttast til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Det er ikkje høve til å omdisponera eller nytta naust som fritidshus eller bustad. Ei naustgruppe kan ha maksimum 3 samanhengande naust og det er ikkje tillate med gjerde eller andre stengsel ved naust.

∞ Kommunedelplan for klima og energi

∞ Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

2.4 FØRINGAR FOR KOMMUNEDELPLANEN FOR SJØ OG STRANDSONE

I planprogrammet har føringar for planarbeidet blitt definert. Desse har blitt utarbeida saman med den politiske arbeidsgruppa. I samband med vedtak av planprogrammet vart det lagt til nokre målsettingar og vurderingskriterie som skal leggest til grunn i arbeidet med planen. Desse er vist i figuren under.

Vurderingskriterier og målsettingar for arbeidet med kommunedelplan for sjø og strandsone

1. I nye og eksisterande byggeområde skal det vera korridorar mot sjø slik at ålmenta har tilgang til strandsona.
2. Det skal ikkje opnast for ny utbygging i strandsone med store verdiar. Store verdiar er definert som dei verdiane som vert gitt særskilt vekt gjennom den funksjonelle strandsonekartlegginga, utgreiingsarbeid av friluftsliv, kulturminne og næring, og barnetråkkregistreringar.
3. I naustmiljø bør det etablerast fellesløyser for bryggjer.
4. I områdesentra skal det vera ein strengare praksis på kva som er tillate enn det er i område med mindre byggjepress.
5. Det er eit mål å sikre tilstrekkeleg båtplassar i kommunen. Ein bør organisere og lokalisere småbåthamner og gjestehamner på ein tenleg måte som tek omsyn til bruk på land og i sjø. Aktuelle problemstillingar kan vere naturverdiar, friluftslivinteresser, rekreasjonsområde, tettstadutvikling og trafikkavløysing. Nye småbåthamner og gjestehamner skal ikkje byggje ned verdifulle strandsoneareal.
6. Nye bustad eller fritidsbustadområde skal ikkje etablerast innan funksjonell strandsone.
7. Innspel skal vere i samsvar med føringane i «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest» (2013 – 2016).
8. Havnivåstigning må takast omsyn til i vurdering av nye byggområde langs sjø.
9. Nye næringsareal i strandsona skal i hovudsak vere til sjørelaterte næring. Sjørelaterte næringer er definert som næringer med konkrete behov for tilgang til sjø.
10. Nye kaianlegg skal vurderast i høve til behov, omland, sambruk og fysiske forhold knytt til strandsone, sjø og sjøbotnen.
11. Utbygging av nye næringsareal skal i hovudsak lokaliserast til område som er bebygd frå før, men det skal takast omsyn til barnetråkkregistreringar, friluftslivinteresser, trafikkavvikling, eksisterande infrastruktur og uheldig samlokalisering.

3. GJENNOMGANG AV AREALENDRINGAR

Det er her ein gjennomgang av enkeltinnspela som er vurdert i planen. Det er vist kva innspel som er kome inn og kort om kva vurderingar som ligg til grunn. Enkelte arealinnspel er gjort ei utvida vurdering grunna at dei er meri komplekse eller at dei har større verknadar.

For detaljert gjennomgang av kvart enkelt innspel vert det vist til konsekvensutgreiinga (sjå vedlegg).

3.1 OM AREALINNSPELA

Arealinnspela som er vurdert i planen er komne inn hovudsakleg frå tre ulike hald:

○ *INNSPEL KOMNE INN I INNSPELSRUNDE*

Kommunen opna for innspel frå alle innbyggjarar og andre interesserte i ein open innspelsrunde. Denne vart kunngjort i lokalavis og på kommunen si heimeside. Dei fleste innspela i planen er komne inn her. Det er til saman komen inn 43 innspel som omfattar arealendringar og andre merknadar.

○ *INNSPEL SOM KJEM FRÅ KOMMUNEN*

Kommunen har sjølv kome med innspel til endra arealbruk i planen. Dette gjeld til dømes utlegging av område som er nytta til friluftsliv til fri- eller friluftsområde og utviding av gravplass ved Bruvik og Hosanger kyrkje. Kommunen har i tillegg endra arealføremål på areal slik at det er i samsvar med gjeldande bruk. Dette gjeld til dømes enkelte naustområde, bustadområde og næringsområde.

○ *VURDERING AV AREAL PÅ BAKGRUNN AV TIDLEGARE ENKELTVEDTAK*

Det har i enkelte saker i formannskap og plan- og kommunalteknisk utval vore fatta vedtak som syner til at omsøkte tiltak skal handsamast i ein kommande kommuneplan eller skal handsamast etter at kommune(del)plan er ferdig vedtekne. Kommunen har funne det teneleg å sjå på desse innspela for å kunne gje dei ei overordna vurdering.

3.2 KONSEKVENSGREIING OG RISIKO- OG SÅRBARVURDERING AV NYE AREAL

Konsekvensar av arealendring og risiko og sårbaranalyse er utført for alle arealendringane som er vurdert, jf. vedlegg 1. Her er metoden og kriterier for vurderingane vist.

Dei samla, overordna vurderingane av verknadane av planen er gjort i kapitel 4.


3.3 BUSTAD OG FRITIDSBUSTADER

Føremålet med planen har ikkje vore knytt til etablering av bustadområde og fritidsbustad. I planprogrammet er det stadfesta at ei av målsettingane er at: «Nye bustad eller fritidsbustadområde bør ikkje etablerast innan funksjonell strandsone». Det er difor ikkje opna for nye bustadområde eller fritidsbustadområde. Det er lagt inn nokre korreksjonar i høve til eksisterande arealbruk, vist i tabellen under. Det er komne inn 10 innspel og 5 av desse er tilrådd.

Areal KU nr.	Stad	Gbnr	Str. areal	Merknad
4	Osterhamneset	105/4	7 daa	Ny fritidsbustad. Ikkje tilrådd.
5	Bernes	105/23 og 55	2 daa	Justering bustadområde. Ikkje tilrådd.
6	Hanstveitholmane	103/5 og 60	1 daa	Omgjering på eksisterande bustadtomt frå friområde til bustadføremål. Tilrådd.
7	Fotlandsvåg	96/78 og 79	3 daa	Nytt område konsentrert bustad på eldre industriområde. Tilrådd.
17	Hosanger	89/8	2 daa	Utviding av bustadtomt. Ikkje tilrådd.
18	Hoshovde	89/8	2 daa	Utviding eksisterande hytteområde. Ikkje tilrådd. Mindre utviding bustadområde. Tilrådd.
19	Lonevåg - Nesjatun	13/159	8 daa	Utviding av eksisterande bustadområde. Tilrådd.
22	Raknes	110/78, 79, 92, 93 og 117	24 daa	Nytt bustadområde utan infrastruktur. Ikkje tilrådd.
23	Raknes	118/ m fl	10 daa	Nytt bustadområde i strandsona. Ikkje tilrådd.
34	LNF-område Hamre	12/1	1 daa	Mindre justering mellom areal for friområde og bustadtomt. Tilrådd.
Ikkje vurdert i planen				
-	Garvika - Sauvika	85/11, 85/16, 86/7	14 daa	Etablering av område for fritidsbustad i LNF-område for eksisterande fritidsbustad. Ikkje tilrådd fordi dette er ei prinsipiell vurdering som bør takast i rullering av kommuneplanens arealdel.

Figur 1. Oversikt over område for bustad/fritidsbustad som er vurdert i planen.

Det er gjort konkrete vurderingar av kvart enkelt innspel. Der nytt areal har vore i konflikt med viktige omsyn slik det er definert i planprogrammet er dei tilrådd tekne ut, jf. konsekvensutgreiinga (vedlegg 1).



Figur 2. Oversikt over innkomne innspel knytt til bustad og fritidsbustad. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreiinga.

Areal nr. 7 – Lonevåg – gbnr. 96/78 og 79 vil medføra etablering av bustadar nære sjø og bryt med føringane planprogrammet. Arealet ligg som eit eldre industriområde med små strandsones kvalitetar og det bør kunne opnast for kombinert bruk kontor/forretning/bustad. Føresetnaden er at det ikkje vert etablert bustad i fyrste planet og at tilgang til kaiarealet ikkje vert privatisert. På den bakgrunn vert tiltaket tilrådd i planen.

Areal nr. 22 – Raknes – gbr. 110/78 m. fl. Bakgrunnen for at innspellet er tekne inn er at det vart gjort vedtak i formannskapet i to saker som omhandlar areala.

I sak nr FS-082/11 vart det søkt om frådelling av parsell på 1 daa ved sjø til bruk for nausttomter. Rådmannen tilrådde ikkje tiltaket. I formannskapet vart det fatta vedtak om at frådelling av tomtene til bruk som naustetomter.

I sak nr 081/11 vart det søkt om frådelling av eit areal til bustad/fritidsbustad. Rådmannen tilrådde ikkje tiltaket. I formannskapet vart det fatta vedtak om frådelling av tomter til bruk som omsøkt. Det vart i same vedtaket vist til at: *«Det er ikkje ledige tomter på Raknes, og det er ein føresetnad at det vert lagt inn i kommuneplanen som byggjeområde for bustad».*

Området vart ikkje vurdert i rullering av kommuneplanen sin arealdel i 2011. På bakgrunn av at kommunen har fatta vedtak om å ta inn arealet i tidlegare rullering av kommuneplanen er difor arealet teke inn i denne planen til vurdering.

Tiltaket ligg utan noko infrastruktur og i eit område som er utan noko inngrep, med unntak av ein fritidsbustad mot aust. Tiltaket er i strid med føringane i planprogrammet, som ikkje opnar for bustadområde i strandsona. Etablering av bustadar og naust vil byggje ned strandsona og føre til landskapsinngrep i eit område som framstår som urørt. Det har soleis negativ verknad for friluftsliv og landskap. Tiltaket er difor ikkje tilrådd.

3.4 NAUST

I Osterøy kommune er det tradisjonelt mange små naustområde i tilknytning til gardsbruk og bustadhus. Dette gjer at det ligg mange små naust rundt store delar av Osterøy. Mange naust ligg slik til at dei ikkje har tilkomstveg og ikkje er lett tilgjengeleg. Det er i liten grad tradisjon for større naust eller sjøhus i kommunen.

I gjeldande kommune- og reguleringsplan ligg det berre 10 naustområde. Dei fleste naustområda ligg i dag i LNF.

I planen er det berre vurdert areal som er komne inn som innspel eller der det er lagt opp til at det skal kome tiltak. Naustareal som er eksisterande naust er ikkje vurdert tekne inn.


Det er komne innspel om 12 naustområde til kommunedelplanen. Av desse er 6 heilt eller delvis tekne inn i planen.

Areal KU nr.	Stad	Gbnr	Str. areal	Merknad
5	Bernes	105/23 og 55	2 daa	Utviding eksisterande. Ikkje tilrådd.
8	Lonevåg	96/2	2 daa	Eksisterande naust. Tiltrådd
18	Hoshovde	855/5, 86/5, 87/3	10 daa	Utviding og fortetting av eksisterande. Delvis tilrådd.
22	Raknes	110/78 m fl.	2 daa	Nytt naustområde utan infrastruktur. Ikkje tilrådd
23	Raknes	111/4	4 daa	Nytt naustområde. Ikkje tilrådd.
24	Raknes	111/62	1 daa	Utviding eksisterande naustområde. Tiltrådd.
26	Raknesvågen	111/1	1 daa	Lagt inn som LNF-spreidd for 2 naust. Tiltrådd.
28	Hjellvik	118 m fl	5 daa	Fortetting eksisterande naustområde. Tiltrådd redusert innspel.
30	Birkelandsstø	120/1	12 daa	Utviding eksisterande naustområde. Ikkje tilrådd.
32	Naustområde Hamre	129/1	4 daa	Utviding naustområde. Delvis tilrådd.
33	Hamre	129/1	0,5 daa	Utviding eksisterande. Ikkje tilrådd.
36	Drageneset - Eikeland	131/2	2,5 daa	Nytt naustområde. Ikkje tilrådd.

Figur 3. Oversikt over naustområde vurdert i planen.

Alle innspela som er tilrådde er knytt til eksisterande naustområde, og ligg inne som ei utviding eller fortetting. Der det er nærleik til småbåthamn har det vore eit ynskje om å ikkje ta inn nye naustområde men å løyse trongen for båtplass gjennom utviding av småbåthamner. Enkelte av områda er tekne inn men utstrekning av føremålet er redusert grunna konflikt med landskap eller andre omsyn.

For å unngå bruk ut av naust som fritidsbustad eller anna som vil føre til auka privatisering av strandsona er det sett klare føresegner som syner kva som er tillate i naust. Dette inneber at det er lov til å leggja inn vatn i naust men ikkje lov til å setje inn toalett eller dusj. Det er sett føringar for størrelse på naust på inntil 40 m² og mønehøgde inntil 5 m. Dette vil sikre at bygningane vert nytta til føremålet. Det er sett krav om reguleringsplan for tiltak i naustområde.



Figur 4. Oversikt over innkomne innspel om naust. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreiinga.

I Raknesvågen ligg det to naust som er felles for fleire av gardane i området. Det er ynskje frå leirskule og Osterøy turlag om å nytte det eine naustet til aktivitetar som padling, fiske og liknande for leirskuleelevar og andre friluftsgupper. Området er difor lagt ut til LNF-spreidd naust. Dette er føremålet er nytta fordi det er naust knytt til gardsbruk som ein ynskjer framleis skal vera ein del av eigedomane. Det er i tillegg opna for at det kan setjast opp frittstående sanitærbygg med dusj og toalett. Dette er vurdert som naudsynt i høve til at det skal nyttast av turlag og leirskule.

3.5 SMÅBÅTHAMNER

Det er ei målsetting at alle som har trong for båt plass skal ha ei tilbod så langt som råd er, jf. planprogrammet. I kommunen ligg det i dag 9 større småbåthamner. Talet på småbåthamner er vist under.

Lokalisering	Tal på båt plassar
Tysse	12
Fotlandsvåg	46
Lonevåg	82
Raknes	27
Hjellvik	49
Hamre	40
Valestrand	96
Haus	25
Bruvik	22
Samla tal båt plassar	399


Figur 5 syner talet på båt plassar i småbåthamner i kommunen. Talet er basert på teljing frå flyfoto og regulerte plasser i gjeldande reguleringsplan, og kan avvike noko i frå faktisk tal på småbåt plassar.

I dei største bygdene er det trong for fleire båt plassar men det har ikkje vore mulig å finne ein god måte å utvida eksisterande område eller finna ein høveleg lokalisering for utviding i alle områda, mellom anna i Haus og Valestrand.

I Valestrand pågår det ein prosess med områderegulering. Småbåthamn vil verta regulert i denne prosessen og det er difor ikkje vurdert i kommunedelplanen.

I Lonevåg er det vurdert ei større småbåthamn saman med gjestehamn og oppstillingsplass for bubil. Dette er viktige tiltak som har stor innverknad for korleis Lonevåg vil utvikle seg framover. Lokalisering av viktige fellestiltak som småbåthamn og friluftsområde bør difor sjåast i samanheng med utvikling av heile Lonevåg. Ein vurderer at småbåthamn og friluftsområde bør vurderast i samband med områdeplan for Lonevåg der ein kan gjera ei heilskapleg vurdering av heile tettstaden. Lokalisering av småbåthamn i Lonevåg vert difor ikkje vurdert i denne planen men utsett til områdeplan for Lonevåg.

Det er opna for mindre utviding av småbåthamnene innanfor det arealet som er avsett. Det er sett plankrav for utviding av småbåthamn.



Figur 6 syner lokalisering av småbåthamner som er lagt inn i planen. Alle småbåthamnene er eksisterende med unntak av ny lokalisering i Fotlandsvåg. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreininga.

Det er i Fotlandsvåg vurdert 3 nye alternativ for lokalisering av småbåthamn. Alternativ 3 ligg utanfor LOBAS sitt industriområde og er tilrådd ut frå ei samla vurdering av konsekvensane. Ny gjestehamn er vurdert til å liggje på alternativ 1, som ligg inst i vågen.

3.6 NÆRING

I gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar ligg det inne 19 areal avsett til næring innan det som er kartlagd som funksjonell strandsone. I tillegg ligg det inne 4 areal som ikkje er realisert.

Stad	Eksisterande næringsareal	Ikkje realiserte næringsareal
Tysse	4	1
Fotlandsvåg	3	2
Hosanger	1	1
Fjellskålnes	1	
Lonevåg	3	
Raknes	1	
Valestrand	4	
Haus	2	
SUM	19	4

Figur 7. Oversikt over næringsareal i strandsona.

I planprogrammet var det ei målsetting å sjå på trongen for sjønære næringsareal og eventuell ny bruk av gamle næringsbygg i strandsona. Det har kome inn svært få innspel til næringsområde på land.

Areal KU nr.	Stad	Gbnr	Str. areal	Merknad
7	Fotlandsvåg	96/78, 79	3 daa	Ligg med føremål næring. Ønska endra til bustad/forretning/kontor. Vert endra til føremål sentrum, med føresegner som set rammer for bruken. Tilrådd.
11	Hosanger – Norlender Knitwear AS	88/12	1 daa	Eksisterande næringsområde der delar vert endra til fritid- og turistføremål. Tilrådd.
21	Lonevåg	9/4 m fl.	8 daa	Utviding av eksisterande næringsføremålet ut i sjø på utsida av eksisterande bygg. Ikkje tilrådd.
34	Klokkarneset Hamre	129/1	19 daa	Har føremål tenesteyting i dag og er ønska endra til kombinerte føremål tenesteyting/næring. Ikkje

				tilrådd. Vert tilrådd endra til LNF.
40	Skaftå	149/8, 149/52	2 daa	Eksisterande næringsområde som ligg som LNF- område. Endra til Næring.

Figur 8. Oversikt over næringsområde vurdert i planen. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreinga.

Alle næringsområda som er tekne inn i planen er eksisterande næringsområde. Det er komne inn få innspel til næringsføremål. Det var i planprogrammet eit fokus på eldre næringsområde i planen men det har kome inn få innspel til dette. Unntaket er tomta til Borge garveri, jf. nr. 21. Her er tiltaket vurdert til å ha store konflikthar knytt til forureining i sediment og med naturmangfald. Denne arealendringa er difor ikkje tilrådd. På tilgrensande areal er det komne innspel om landbasert akvakultur, og dette er handsama under kap. 3.8 Akvakultur.

Utover dette er det i planframlegget føreslått å endra arealføremål for eksisterande næringsområde på Skaftå frå LNF til næringsområde, slik at plankartet er i samsvar med faktisk bruk.

3.7 GRØNE STRUKTURAR


Grøne strukturar er ein fellesnemnar for grønne føremål som friområde, friluftsområde, grønt strukturar og anna der føremål er å leggja til rette for rekreasjon, friluftsliv og allmenn tilgang.

Tilgangen til natur og friluftsområde er ein viktig kvalitet for innbyggjarar og tilreisande i kommunen. Det er i dag god tilgang i mange område til strand og sjønære areal. Imidlertid så er strandsona i enkelte tettstadar svært nedbygd og utilgjengeleg for ålmenta. Dette gjeld til dømes Valestrand og Lonevåg. Eit av føremåla med planen har difor vore å sikre tilgang til verdifull strandsone for ålmenta. Dette er gjort gjennom å setje av område i planen med føremål friområde eller friluftsområde. Friområde er nytta for mindre område med stor grad av tilrettelegging og friluftsområde er nytta om større område med mindre grad av tilrettelegging.

Det er i dag 13 område i gjeldane kommune- og reguleringsplan som er avsett til friområde eller friluftsområde.

Forslag til nye fri- og friluftsområde er komne inn som innspel til prosessen og gjennom friluftskartlegginga. I tillegg har det vore møte med Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) der det er diskutert område som burde vera avsett som eit av desse føremåla.

Områda som er lagt inn er vurdert til å ha gode kvalitetar eller verta brukt meir enn dei områda som tradisjonelt vert lagt inn som LNF-område. Det er opna for at fleire av områda skal kunne leggast til rette for allmenn bruk gjennom føresegner som opnar for etablering av gangveggar, toalett, sitjegrupper og liknande.



Figur 9. Oversikt over fri- og friluftsområde vurdert i planen. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreiinga.

Nokre område er vurdert til å ha friluftskvalitetar men samstundes ha viktige landbruk eller naturverdiar. Her er det nytta omssynssone friluftsliv med føremål LNF.

Areal KU nr.	Stad	Gbnr	Str. areal	Merknad
1	Kleiveland	108/4	3 daa	Nytt friluftsområde i tilknytning til den gamle dampskipskaaien.
6	Hanstveitholmane Fotlandsvåg	103/5	7 daa	Utviding av eksisterende friområde.
12	Hosanger	88/30, 31	1 daa	Mindre friluftsområde i tilknytning til Hosangerheimen.
13	Hosanger kyrkje	88/1	8 daa	Utviding av eksisterende friområde ved Hosanger kyrkje.
16	Hosanger	89/7, 8, 9, 56	1 daa	Gamal kyrkjeveg. Lagt inn som grøntstruktur.
18	Hoshovde	85/5, 86/5, 87/3	Samla område omtrent 80 daa	Større område som er ønska regulert til fleire ulike føremål, mellom anna grøntstruktur.
19	Nesjatun - Lonevåg	13/159	8 daa	Justering eksisterande friluftsområde.
23	Raknes	118/2 m fl.	20 daa	Nytt friluftsområde.
27	Hjellvik	118 m fl.	10 daa	Nytt friluftsområde.
37	Reigstad - Valestrand	145/6, 36, 44	8 daa	Nytt friluftsområde.
39	Nedre Vikne	64/19	1,5 daa	Nytt friluftsområde.
42	Bruvik	152/8	1 daa	Kyrkjekaien er tilrettelagd som badeområde, vert endra til friluftsføremål som er i samsvar med gjeldande bruk.

Figur 10. Oversikt over fri- og friluftsområde som er vurdert i planen. Alle innspela i tabellen er tilrådd. Nummerering viser til innspelsnummer i konsekvensutgreinga.

3.8 AKVAKULTUR

Det er i kommuneplanen sin arealdel avsett 17 område for akvakultur i sjø, samt eit område for «Friluftsliv, ferdsle, fiske, natur og akvakultur (skjeldyrking)». Av desse er det i dag 8 område som har konsesjon til å drive produksjon av matfisk (laks, regnbogeaure og aure) i sjø.

Det er føreslegen utviding av 4 av lokalitetane; Tepstad, Angelskår, Skaftå og Blom. Bakgrunnen for utvidinga er å erstatte dagens stålrammeanlegg med større frittliggande plastringar som skal sikre større gjennomstrømning av vatn og betre plass for fisken.

Det er i tillegg ynskje om å ta vekk lokalitetane Øyjordsvika og Kvamme, og flytte produksjonen her til Tepstad og Angelskår. I tillegg er det i dag ein konsesjon på Bruvik men etter innspel frå næringa så har kommunen teke denne ut av planen.

Areal nr.	Stad	Str. areal	Merknad
10	Saltverket - Lonevåg	17 daa	Landbasert akvakultur. Lagt inn som eit potensielt område. Tilrådd.
20	Lonevåg	9,5 daa	Landbasert akvakultur. Ikkje tilrådd grunna konflikt med naturmangfald og forureining.
45	Tepstad		Utviding av eksisterande anlegg. Overgang frå stålanlegg til opne plastringar. Lokalisert lenger ut i fjorden enn dagens anlegg.
46	Angelskår		Utviding av eksisterande anlegg. Overgang frå stålanlegg til opne plastringar. Lokalisert lenger ut i fjorden enn dagens anlegg.
47	Blom - Skaftå		Utviding av eksisterande anlegg på Skafta men med krav om miljøkvalitet. Området Blom vert tekne ut av planen.
48	Hamre, Kvamme og Bruvik		Endring av arealføremål frå akvakultur til Bruk og vern av sjø og vassdrag for areal med gjeldande konsesjon men utan drift i dag.
49	Langeneset, Ytre Bernes, Tjukkskogen, Hoshovde, Olsneset og indre Sørfjorden		Endring av akvakulturområde utan konsesjon til Bruk og vern av sjø og vassdrag.

Figur 11. Syner endringar av område i høve til akvakultur. Nummerering viser til vurdering av enkeltareal i konsekvensutgreinga.

I tillegg ligg det 6 område utan konsesjon og som i høve til dagens krav til lokalisering ikkje er hensiktsmessig plassert. Desse områda er små, ligg i område som er nære land eller innan det som er avsett som nasjonal laksefjord. Her vert føremåla endra frå føremål Akvakultur til Bruk og vern av sjø og vassdrag.

Ved å slå saman areal på Tepstad og Angelskår reduserer ein areal frå fire til to. Samstundes vert områda flytta lenger ut i fjorden. Bakgrunnen for dette er at det har vore konflikter med aktivitet i strandsona gjennom restriksjonar på ferdsel og aktivitetar som er rundt eksisterande anlegg. Ved å flytte områda lenger frå land sikrar ein interessene til akvakultur samstundes som det vert eit lågare konfliktnivå med aktivitetar i strandsona.

Miljøtilstanden under og rundt anlegga på Skaftå og Blom er dårleg, jf. diskusjon under kap 4.5. Den dårlege miljøtilstanden skuldast i hovudsak utslepp av organiske partiklar til resipienten, som sedimenterer på botn. Framtidig drift må oppretthalde eit godt miljø i fjorden. Det er lagt inn miljøkrav i føresegnene til akvakulturareal på Skaftå som skal sikre ein betre miljøtilstand i framtidig drift, gjennom å ikkje ha utslepp av organiske partiklar. Dette betyr at dagens driftsmetode med opne merdar og utslepp rett ut i fjorden ikkje vert tillate.

I ein framtidig struktur er det ynskje om å ha få større lokalitetar. Difor vert lokaliteten på Blom tekne ut av planen som ein framtidig akvakulturlokalitet. Gjennom krav til miljøkvalitet er det difor miljømessig forsvarleg å ha større anlegg ved Skaftå, og dette arealet vert utvida. Det er lagt inn rekkefølgekrav som skal sikre at nytt areal vert tilgjengeleg når anlegget ved Blom er lagt ned.

Føreslegne endringar sikrar at det er store tilgjengelege areal for utvikling av akvakultur i ei miljømessig forsvarleg ramme innanfor Osterøybrua.

Det er kome innspel om å kunne etablera landbasert oppdrett på industriareal i Lonevåg. Etablering av landbasert oppdrett er i utgangspunktet positivt. På det aktuelle arealet er det likevel utfordringar knytt til mulig forureining i sediment og naturmangfald. Utvikling av areal for landbasert akvakultur bør difor lokalisert på andre areal der konfliktpotensialet er mindre og der det er framtidig utviklingspotensiale.

Det er på bakgrunn av dette vurdert fleire areal i kommunen som kunne ha potensiale for utvikling av landbasert akvakultur. Det er sett av areal på Saltverket i Fotlandsvåg. Her er det eksisterande setjefiskanlegg og området ligg som næringsareal i kommuneplanen sin arealdel.

3.9 AREALINNSPEL SOM IKKJE ER VURDERT I PLANEN

I planen er det kome inn fleire areal som ikkje er vurdert på bakgrunn av vurdering som er gjort av kommunen.

I Lonevåg er det fleire areal som ikkje er vurdert i planprosessen. Dette gjeld areal til område for ny småbåthamn og gjestehamn i Barkavika og friområde i Svenevika, og areal for mellombels småbåthamn ved industriområdet Gunnebo.

På bakgrunn av at det i 2016 skal startast opp arbeid med ein områdeplan vil ikkje desse areala verta vurdert. Dei delane av Lonevåg som grensar til sjø er viktig for utvikling av heile Lonevåg. Områda bør difor sjåast i samheng med heile Lonevåg sentrum. Dette vert best gjort i områdereguleringa, der ein vil vurdere heile Lonevåg sentrum.

Det er kome inn innspel om å gjera om område med eksisterande fritidsbustadar i Garvika og Sauvika (gbnr. 85/11, 85/16, 86/7) til fritidsbustadføremaal. Området er i dag LNF-føremaal.

Omgjering av areal med eksisterande bygningsmasse bør vera ein vurdering som vert gjort prisiptelt for heile kommunen. Dette fordi at omgjering av LNF-areal til andre føremål reiser problemstillingar i alle desse områda som dette kan gjelda. Kommunen bør vurdere dette for heile kommunen sitt areal ved rulleringa av kommuneplanen sin arealdel.

3.10 INNSPEL SOM IKKJE OMHANDLAR AREALENDRINGAR

Det er komne inn 7 innspel som ikkje omhandlar innspel til arealendringar. Desse er lista opp og kommentert i tabellen under.

Stad	Avsender	Innspel	Merknad
Tepstad	Hamre grendaråd	Innspelet er knytt til utviding av eksisterande oppdrettsanlegg på Tepstad. Generelt er det motstand mot å utvide akvakulturområde.	Tatt til orientering.
Angelskår	Bebuarar på Angelskår og Eikeland	Innspelet er knytt til utviding av oppdrettsanlegg på Angelskår. Innspelet syner til at avsender er mot ei utviding av akvakulturområdet.	Tatt til orientering.
Angelskår	Grunneigarar Eikeland	Innspelet er knytt til utviding av oppdrettsanlegg på Angelskår. Innspelet syner til at avsender er mot ei utviding av akvakulturområdet.	Tatt til orientering.
Havrå	Museumssenter et i Hordaland	Innspelet er knytt til oppdrettsanlegget på Blom. Avsendar viser til at anlegget ligg tett på det freda kulturminnet Havråkulturmiljø, og at dette er «svært skjemmande og ei visuell forsøpling av kulturminne Havrå». Meiner at oppdrettsanlegget må flyttast så langt vekk at det ikkje er synleg frå Havråtunet eller står på andre sida av fjorden og ser over på garden.	I høve til plan- og bygningslova kan kommunen berre regulera framtidig arealbruk, og gjeldande bruk kan ikkje flyttast.
Kleppsvågen	Liv Ellen Nordvik	Grunne som ligg i Kleppsvågen burde vore merka slik at båtar ikkje går på grunn.	Tatt til orientering men det ligg ikkje inne i planen å merke grunner.
Haus	Knut Vasstrand	Syner til at Mjeldevågen har	Tatt til orientering.

		vore nytta mykje til rekreasjon for innbyggjarane og viktig for andefugl. Syner til at det må trekkast ei strandsonegrense rundt vågen og at området har eit stort potensiale for friluftsliv.	
Saltverket	Jojac AS	Ber om at næringsområdet vert vidareført i planen frå gjeldande kommuneplan og at funksjonell strandsone vert korrigert i høve til 100 m grensa som er sett i planen.	Næringsområdet vert vidareført frå gjeldande kommuneplan. Ein vil sjå på justering av byggjegrænse.

Figur 12. Oversikt over merknadar som ikkje er knytt til endring av arealføremål.

3.11 KORRIGERING AV PLANKART

I samband med produksjon av plankart vil gjeldande kommuneplankart verta korrigert og justert i høve til gjeldande SOSIstandard. I tillegg vil det bli retta opp i feil i kartet. Justeringar som er gjort er vist i tabellen under.

Stadnamn/Feltnamn	Føremål/status gjeldande plankart	Føremål/status nyttplankart	Merknad
	Eldre SOSI kode i heile plankart.	Oppdatert til gjeldande SOSIkode	
	Omsynssone reguleringsplan skal gjelda	Ingen omsynssone.	Alle omsynssoner i denne kategorien er tekne ut.
	Egenskap «Informasjon».	Ingen eigenskap «Informasjon»	Er tekne ut av alle flater.
Hauge	Bustad	LNF	Teknisk feil i kart gjer at område for bustad vart liggande over eit område som skal vera LNF.
Omsynssone Kulturminne Kyrkje Hamre	Ingen omsynssone over område for kyrkje.	Omsynssone bevaring kulturmiljø	Vart liggande feil i gjeldande kommuneplankart. Utvida i ny plan.

4. GJENNOMGANG AV TEMA OG VURDERINGA AV VERKNADAR

4.1 STRANDSONE

KARTLEGGING AV FUNKSJONELL STRANDSONE

Funksjonell strandsone er definert som «Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig». Gjennom å kartleggja strandsona og på bakgrunn av denne fastsetje ei ny byggjegrænse, kan denne erstatte plan- og bygningslova si 100 m byggjegrænse. Dette gjer ei betre lokalt tilpassa arealforvaltning.

Funksjonell strandsone er kartlagd for heile kommunen (sjå vedlegg). I område utan busetnad er 100 m grensa lagt til grunn. Kommunen har bygd sine vurderingar på rapporten «Kartlegging av funksjonell strandsone» dagsett 26.08.2014, men har gjort enkelte endringar i høve til lokale vurderingar. Dette gjeld der funksjonell strandsone etter nærare vurdering er vurdert til å vera feil plassert.

BYGGJEGRENSE

I plan- og bygningslova § 1-8 er det fastsett ei byggjegrænse på 100 m frå sjø, som gjer at det i utgangspunktet er forbode å oppføre tiltak i denne sona. Det er i lova opna for at det kan setjast ei lokalt tilpassa byggjegrænse som erstattar 100m byggjegrænse i § 1-8. Det er ein føresetnad at vurderingane av ny byggjegrænse er sett på bakgrunn av sakleg og fagleg grunngevevne kriterier.

Der byggjegrænse er sett lik funksjonell strandsone byggjer dette på at dei omsyna som ligg til grunn for strandsona ikkje gjer seg gjeldande ut over dette området. Det er difor naturleg å setje byggjegrænse her.

Det er mange stader etablert bygg innanfor strandsona. Her vil hage og privat sone rundt eigedomen gjer at det ikkje er fri ferdsel etter friluftsløva. Her er byggjegrænse sett på nedsida av eksisterande bustadar og andre bygg der det er ein samanhengande bygningsmasse. Det er her vurdert slik at mindre tiltak på bebygd eigedom ikkje vil vera i strid med omsyna bak strandsonevernet sjølv om bygget ligg i kartlagd strandsone.

Der det er enkelthytter eller bustadar som ligg i strandsona er det som regel ikkje sett byggjegrænse på nedsida av desse. Dette er fordi det kan vera landskapskvalitetar eller friluftsiinteresser som gjer at det er ynskjeleg å oppretthalde eit byggjeforbod her.

Ny byggjegrænse er i prinsippet lagt 2 meter ut frå fasadeliv der eigedomane er bebygd og byggjegrænse er trekt rett på nedsida av bygningsmassen. Dette for å sikre at det er rom for mindre endringar på bygningsmassen.

TILHØVE TIL ELDRE PLANAR

I samband med utarbeiding av kommuneplan og kommunedelplan skal kommunen gå gjennom gjeldande reguleringsplaner for å sikre at desse er i samsvar med gjeldande lovverk og tek omsyn til nasjonale og regionale interesser, jf. Prop. 121 L (2013-2014).

Det ligg i dag 17 gjeldande reguleringsplanar innan det som er definert som strandsone og det er 3 planar som er under arbeid. Kommunen har gått igjennom desse planane og vurdert tilhøve til kartlagde verdiar, eksisterande bygg, byggjegrænse og andre relevante omsyn.

Det er i gjeldande kommuneplan sett ei byggjegrænse på 100 m i alle reguleringsplanar dersom ikkje noko anna er sagt i kommuneplanen eller reguleringsplanen. I område med sentrumsføremål er byggjegrænse sett til 0 m. For område som ligg i LNF-spreidd med eksisterande bygningar er byggjegrænse sett til 20 m. I kommunedelplan for sjø og strandsone vert det sett byggjegrænse til sjø som overstyrer dette. Det er sett ei føresegn som seier at kommunedelplanen skal gjelda føre alle reguleringsplanar slik at byggjegrænse vert gjeldande i heile kommunen.

PlanID	Plannamn	Vedtatt	Merknad
Vedtekne plan			
504_17	Hanstveit - Fotlandsvåg	1973	Ikkje sett byggjegrænse i reguleringsplan
504_26	Vatle - Votlo	1976	Ikkje sett byggjegrænse i reguleringsplan
504_5	Hamre	1985	Ikkje sett byggjegrænse i reguleringsplan
504_55	Fjæregarveriet – Reigstadåsen - Valestrand	1991	Ikkje sett byggjegrænse i reguleringsplan
504_56	Valestrand sentrum	1994	Sett byggjegrænse i plan.
504_54a	Lonevåg sentrum	1997	Sett byggjegrænse i plan.
504_27	Haus sentrum – del Sør	1997	Ikkje sett byggjegrænse i reguleringsplan
504_52	Haus sentrum, del Nord	1997	Ikkje sett byggjegrænse i reguleringsplan
504_63	Hosanger sentrum	2001	Ikkje sett byggjegrænse i reguleringsplan
504_54b	K. Lerøy Metallindustri A/S - Lonevåg	2002	Byggjegrænse sett som føremålsgrænse
00-1	Nedre Vikne – Bustad, Haus	2007	Sett byggjegrænse mot sjø.
2003001	Bruvik sentrum – del Aust	2008	Sett byggjegrænse på tomt.
20081200	Reguleringsendring RV567 Hauge - Lonevåg	2009	Ikkje byggjegrænse. Plan for Fv567.

20081100	Klenavågen – Hamre småbåthamn	2010	Ikkje sett byggjegrænse i reguleringsplan
2008100	Raudberget industriområde - Tysse	2012	Byggjegrænse sett som føremålsgrænse der anna ikkje er vist
2011006	Detaljregulering Heldal	2013	Byggjegrænse sett på tomtene
Planar under arbeid			
20070600	Reguleringsplan Bustad Fotlandsvåg		Knytt motsegn til planen ved offentleg ettersyn i 2011
20110033	Områderegulering Valestrand sentrum		
2013004	Detaljregulering Holmane næring - Fotlandsvåg		

Figur 13. Gjennomgang av gjeldande reguleringsplaner i strandsona.

OVERORDNA KONSEKVENSN FOR STRANDSONA

Det er lagt til rette for 32 endringar av areal i strandsona. Av desse er det 6 naustområde, 3 område knytt til bustadområde, 7 stadfesting av eksisterande og mindre utviding av småbåthamner og 13 fri- og friluftsområde.

Dei fleste områda er knytt til eksisterande infrastruktur og eksisterande bygningsmasse. I tillegg er det fleire arealendringar som er stadfesting av eksisterande bruk. Dette gjer at ein utvidar bruk av område som allereie er bebyggt. Nye føremål bustad og fritidsbustad er ikkje trekt lenger ned i strandsona med unntak av på eldre industriområde i Fotlandsvåg (areal nr. 5).

For å sikre ålmenta sin tilgang til område som er lagt ut til naustføremål er det lagt inn føresegn om at det ikkje er lov å setje opp noko form for stengsel eller anna som privatiserer naustområde. I tillegg går det klårt fram av føresegnene at naust ikkje kan nyttast til varig opphald eller overnatting. Dette vil gjer at naust i mindre grad kan privatisera strandsona og hindre allmenn fredsel.

Det er ei lokal målsetting å kunne tilby båtplass til dei som ynskjer det. Difor er alle eksisterande småbåthamner lagt inn med ein mulighet for utviding. Gjennom å tilretteleggje for fleire småbåtplassar i eksisterande hamner prøver ein å sikre at det vert mindre einskilde tiltak som naust og flytebyggjer i område der det ikkje er tilrettelagd for dette.

Etablering av byggjegrænse på bakgrunn av kartlegging av funksjonell strandsoner sikrar ei betre lokalt tilpassa byggjegrænse som sikrar strandsoneverdiar og ivaretar eigedomar som allereie er etablert i strandsona. Generelt sett har kommunen vurdert at dei ulike omsyn i strandsona er balansert og ivaretatt på dein god måte.

Positive konsekvensar:

- Sikrar mange område for rekreasjon og friluftsliv
- Set ei lokalt tilpassa byggjegrænse som ivaretar både ålmenne verdiar og allereie eksisterande eigedomar
- Sett krav om tilgjenge for ålmenta i område for naust
- Fortettar og utvidar eksisterande område

Negative konsekvensar:

- Byggjer ned mindre delar av strandsona
- Etablering av naust kan framstå som privatiserande i høve til å ha ei strandsone utan bygningsmasse


Konklusjon:

Planframlegget sikrar nye areal til friluftsliv og rekreasjon samstundes som det vert opna for nedbygging av strandsone gjennom nye byggjeområde. Styring av arealbruken gjennom føresegner og lokalisering i område med infrastruktur og eksisterande bygg gjer at dei negative verknadane vert små. Samstundes vert arealbruken i strandsona meir langsiktig gjennom byggjegrænser og synleggjer kva føringar som skal gjelda i byggjeområde. Planframlegget vert vurdert samla sett til å ha ein positiv verknad for strandsona.

4.2 NATURMANGFALD

Det er eit nasjonalt mål å stogge tapet av naturmangfald. Dette skal gjerast gjennom betre kunnskap og meir langsiktig arealplanlegging. I Osterøy kommune er det knytt verdiar til fleire ulike naturtypar men dei største verdiane finn vi i knytt til ulike skogstypar.

I kommunen er det registrert to utvalde naturtypar; slåttemark ved Havråtunet og hol eik ved Bysheim. Det er ingen registreringar i strandsona.



Figur 14 syner lokalitetar med kartlagde naturtypar i Osterøy kommune.

Det er registrert fleire ulike førekomstar av raudlista artar i kommunen, det vil seia artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. I kommunen er det hovudsakleg sopp, lav, mosar og karplanter som er registrert. Dette er artar som hovudsakleg er å finne i ulike typar

edellauvskog og i kulturlandskap, til dømes rundt Havråtunet. I tillegg er det i Loneelva registrert raudlistearten elvemusling.

Det er ikkje registrert nokon prioritert art i planområdet.

Anadrom fisk i Osterfjorden

Osterfjorden og Sørfjorden har mange vassdrag der det er registrert laks og/eller sjøaure. Her finn ein mellom anna Vosso, Ekso, Daleelva, Loneelva og Romaheimselva. I tillegg er det mange mindre vassdrag med sjøaure. I Osterøy er det registrert 15 vassdrag med sjøaure og 1 vassdrag med laks.

Vosso har hatt ein særprega laksebestand og er eit nasjonalt laksevassdrag. Det har frå 2010 vore sett i gong ein redningsaksjon her for å redde den utrydningstruga bestanden. I Loneelva er det ein særprega laksestamme som er rekna som art av nasjonal interesse. Indre del av fjordsystemet, frå Bruvik og rundt til Kleiveland er ein nasjonale laksefjord.

Havforskningsinstituttet har utarbeida ei risikovurdering av miljøverknadar av norsk fiskeoppdrett (2014) på bakgrunn av ny kunnskap og nye data. Rapporten tek føre seg dei overordna problemstillingane knytt til lakselus, smittespreiing, genetisk påverknad av rømt oppdrettsfisk, organisk belastning med meir. I tillegg har det i samband med redningsaksjonen for Vossolaksen vore gjennomført innsamling av kunnskap om trusselfaktorar mot laksen.

Dette kunnskapsgrunnlaget syner at dei største trusselfaktorane for anadrom fisk knytt til lakselus og genetisk innblanding av rømt oppdrettsfisk.

Det er vist ein klår samheng mellom oppdrettsaktivitet og tal på lakselus på vill laksefisk. Auke i mengda lakselus fører til ein auka dødlighet på smolt hjå villaks og sjøaure. Samla sett gjev lakselus ein negativ bestandseffekt hjå anadrom laksefisk. Gjennom Vossolaksprosjektet er temperatur og salinitet logga langs utvandringsrutene til smolten i Osterfjordsystemet. Lakselus unngår vatn med lågare salthaldighet enn 20-23 promille. På den bakgrunn er det antatt at det er lite lakselus før ein kjem ut til Nordhordlansbrua. Saliniteten vil variera frå år til år ut frå variasjonar i avrenning frå elvar og havstraumar. Vossolaksprosjektet konkluderer med at det er sannsynleg at påslag av lakselus skjer etter at smolten har vandra ut av Osterfjordsystemet.

Rømning av oppdrettsfisk fører til innblanding av gen frå oppdrettsfisk i dei ulike unike genetiske laksestammene i ulike vassdrag. Dette kan gje mindre overleving og tap av genetisk mangfald. Det er funne markerte genetiske endringar i laksestammene i mellom anna Loneelva og Vosso.

Det har vore fleire hendingar med større rømningar av regnbogaure i fjordsystemet. Vinteren 2014-15 rømde omtrent 69 000 fisk frå anlegget på Angelskår. 56 000 av desse vart fanga kort tid etter. Undersøkingar syner at regnbogaure kan vera vert for mange lakselus og at rømd fisk på denne måten opprettheld eit høgt nivå av lakselus i fjorden. Ein anna negativ effekt er at regnbogauren grev opp rogn til laks og sjøaure når regnbogauren gyt på våren. Dette øydelegg befrukta rogn som skulle vore tilveksten i elvane.

OVERORDNA KONSEKVENSA FOR NATURMANGFALD

Ein av dei viktigaste årsakene til tap av naturmangfald er endringar av arealbruk. Naturmangfaldlova peikar på at det er eit forvaltningsmål å ta vare på artane i deira naturlege utbreiingsområde.

Vurderinga av verknadar på naturmangfald i Osterøy kommune byggjer på registreringar i artskart.no og naturbase.no, «Kartlegging av naturtyper» 2005 og 2012 og rapport «Kartlegging av sjøaurevassdrag i Osterøy kommune 1998».

I høve til artar som er nasjonalt viktige, elvemusling, er den delen av Loneelva som ligg innan planområdet lagt inn som omsynssone, med føresegner som sikrar at det ikkje skal føregå aktivitet som gjer ein sterk negativ påverknad på arten sitt leveområde.

Det er ingen utvalde naturtypar innan planområdet. Nye tiltak vil ikkje byggje ned eller kome i konflikt med andre registrerte naturtypar.

Endringar i areal som er omhandla i planen er i liten grad i konflikt med registrert naturverdiar eller viltområde. Arealendringar som kan kome i konflikt med område som kan ha verdi for naturmangfald er justert eller tekne ut.

Planframlegget opnar ikkje for ny utbygging i område som har registrert raudlista artar eller som råkar utvalde naturtypar. Planframlegget kan medføre ein endra arealbruk og auka ferdsel i område der det er registrert artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Det vert lagt omsynssone på område der det eksisterer prioritert art, det vil seie elvemusling.

Føreslegne endringar for akvakultur vil sikre mindre utslepp lokalt av organiske partiklar. Dette vil bidra til ein betre miljøtilstand i og rundt anlegga. Dette vil ha ein positiv effekt på naturmangfald i høve til dagens situasjon. I tillegg vil færre areal for akvakultur og miljøkrav til anlegg i Sørfjorden føre til at smittepresset av lakselus frå oppdrettsfisk til villfisk vert mindre.

Positive konsekvensar:

- Er lagt omsynssone «Bevaring naturmiljø» i leveområde for elvemusling.
- Planframlegget har tatt ut eller justert arealinnspele som kjem i konflikt med område som er eller kan vera viktig for naturmangfald.
- Ingen større utbyggingar i større naturområde.
- Positiv verknad for område i og rundt oppdrettsanlegg gjennom miljøkrav til utslepp av organiske partiklar.
- Mindre smittepress av lakselus frå oppdrett til villfisk.

Negative konsekvensar:

- Arealforandring i område med registrert «Art av særlig stor forvaltningsinteresse».
- Auka ferdsel i friluftsområde kan gje eit auka press på «Art av særlig stor forvaltningsinteresse».

Konklusjon:

Nye tiltak vil i dei fleste høve ha ein negativ effekt der desse vert etablert i område utan tiltak eller kan føre til auke i ferdsel eller bruk av omkringliggjande område. Ein vurderer at generelt vil konsekvensen for naturmangfald vera liten. Endringane knytt til akvakultur vil samla sett vera positive for naturmangfald.

4.3 KULTURMINNE

Osterøy kommune har ei rik kulturarv og mange kulturminne finnast i og ved strandsona. Gjennom historia har mykje av livsgrunnlaget for ostringane vore knytt til sjøen og sjøvegen. Fjorden har vore ferdselsåra og eit viktig ressursgrunnlag. Dette er føresetnaden for dei mange bygdene og tettstadane som ein i dag finn i strandsona. Kulturarven ein finn i strandsona er sentral i Osterøy si kulturhistoriske utvikling og inneheld mange unike kulturminne med lokalhistorisk betydning.

Det vert lagt særskilt vekt på teknisk-industrielle kulturminne og kyrkjestader i dette planarbeidet. Ettersom det er gjort få overordna vurderingar av kulturminna i kommunen har ein i dei enkelte tilfelle gjort konkrete vurderingar basert på eksisterande kunnskap. Meir detaljerte skildringar og vurderingar vil verte gjort i kulturminneplanen som skal starta opp i løpet av 2016.

KYRKJESTADER

Osterøy kommune har fleire kyrkjestader i tilknytning til sjø. Særskilt for desse kyrkjestadene er at dei har ei direkte kopling mot sjøen med kai og eventuelt naust. Desse heilskaplege kulturmiljøa har lokalhistorisk betydning og det er såleis viktig å bygge opp under ivaretakinga av dei. Ein har i planen valt å sikre kyrkjestadene med tilknytning til strandsona med ei omsynssone for bevaring kulturmiljø (570). Omsynssona strekker seg ut til sjøen og er avgrensa med tanke på naturlige skiljelinjer og landskapsrom. Kyrkjene og dei freda kyrkjegardane er samstundes sikra med omsynssone – 730 – bandlegging etter lov om kulturminner. Kyrkjestader som har fått omsynssone i planen er Bruvik kyrkje, Haus kyrkje og Hosanger kyrkje. Samstundes har ein utvida eksisterande omsynssone kring Hamre kyrkje.




Figur 15. Laksegilje på Askjelsneset.

AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Automatisk freda kulturminne i sjø og strandsona er sikra i planen med omsynssone 730 – Bandlegging etter lov om kulturminner. I ei ti meter buffersone kring bandleggingssonen er området sikra med omsynssone 570 – bevaring kulturmiljø. I sjø er registrerte uavklarte kulturminne sikra med omsynssone 570 – bevaring kulturmiljø.

TEKNISK-INDUSTRIELLE KULTURMINNE I STRANDSONA

Osterøy kommune har ei rekkje særeigne teknisk-industrielle kulturminne. Garveriverksemd har vore ei særlig viktig næring i Osterøy og denne industrien har satt preg på strandsona sida midten av 1800-talet. Eit viktig garverimiljø finst att i Valestrand. Ei har ikkje vurdert dette i kommuneplanarbeidet ettersom arbeidet med områdeplan for Valestrand sentrum er pågåande. I denne planen er det satt særskilt fokus på garverimiljøet. På Skaftå er det tydelege spor etter Kalksteinsgruvene som vart etablert her i 1870-åra. I underkant av hundre år vart dette ein viktig arbeidsplass med om lag 40-50 tilsette. Ein har i planen valt å sikre området med ein omsynssone for bevaring kulturmiljø (570).



Figur 16. Kalksteinsgruvene ved Skaftå.

HAVRÅTUNET

Havrå kulturmiljø i Osterøy kommune er ein av ni freda kulturmiljø i landet. Havrå kulturmiljø vart freda ved forskrift i 1998 (Forskrift om freding av Havrå som kulturmiljø, Osterøy kommune, Hordaland). Området som er freda dekkjer eit areal på om lag 2000 dekar og strekker seg heilt ned til sjøen. Gjennom planarbeidet har Museumssenteret i Hordaland påpeika at oppdrettsanlegget Blom er visuelt skjemmande for kulturmiljøet på Havrå. Sjølv om fredingssona ikkje strekker seg ut i sjøen ser ein det som positivt at det i planen leggst til rette for at oppdrettsanlegget Blom ved vidare utvikling flyttast til Skaftå.

ANDRE KULTURMINNER I SJØ OG STRANDSONA

I Osterøy har ein att ein laksegilje ved Askjelneset nord i kommunen. Laksegilja gir eit bilete av ein særskild fisketeknikk som vart brukt i desse fjordane. Ein har valt å sikre laksegilja med ei omsynssone for bevaring kulturmiljø i planen (570).

I Bruvik er det etablert ei småbåthamn i Hamnevika ved dispensasjon. Ved søknad om dispensasjon til forlenging av flytebrygge og nytt båtopptrekk i 2011 vart det gjennomført marinarkeologiske registreringar i hamna. Eit stokkaner (id:149361) og eit lektervrak (id: 149362) vart registrert. Lektervraket er truleg over 100 år gammalt og er såleis automatisk freda. Ettersom ein i denne planen legger inn føremål for småbåthamn i Hamnevika har ein også valt å sikre område med ei omsynssone.

For å ta vare på dei ulike naustmiljøa i kommunen har ein i føresegn lagt føringar for kva omsyn ein skal ta i område med SEFRAK-registrerte naust.

OVERSIKT OVER NYE OMSYNSSONER FOR KULTURMINNER

Feltnamn	Kulturminne – bevaring kulturmiljø (570)	ID
H570_1	Askjelneset - Laksegilje,	
H570_2	Tysse, Auravikhelleren - Fetts fk. 1	66443
H570_3	Drangevågen - vrak	149607 149608
H570_4	Drangevågen - vrak	149606
H570_5	Saltverket - skipsfunn (uavklart vernestatus)	89304
H570_6	Hosanger - kyrkje, gravlund, prestegard, naustmiljø, friområde og kai	84636
H570_7	Hoshovd , Breivik – Fetts fk. 1/1-2	55246
H570_8	Hoshovd - gravrøys	55247
H570_9	Fjellskål – Fetts fk. 2	45495
H570_10	Fjellskål, Dronningshaugen – Fetts fk. 3	6460
H570_11	Fjellskål, GravrøH73ys, Fetts fk. 4	35909
H570_12	Bysheim – klebersteinsbrudd, Helleren - Fetts fk. 1	66439
H570_13	Roslagen (uavklart vernestatus)	139811
H570_14	Hamre - kyrkje, del av gravlund og kai	84478
H570_15	Angleskår – Høgjen, Fetts fk. 1	45494
H570_16	Reistad - Helleristning	60566
H570_17	Skaftå - skipsfunn	89157
H570_18	Skaftå - Kalksteinsgruver	

H570_19	Haus - kyrkje, gravlund, og friområde	84508
H570_20	Bruvik - kyrkje, gravlund, prestegard, naustmiljø og kai	83962
H570_21	Hamnevik - vrak og anker	149361 / 149362

Feltnamn	Kulturminne –Bandlegging etter lov om kulturminner (730)	ID
H730_1	Tysse, Auravikhelleren - Fetts fk. 1	66443
H730_2	Hoshovd , Breivik – Fetts fk. 1/1-2	55246
H730_3	Hoshovd - gravrøys	55247
H730_4	Hosanger kyrkje/kyrkjestad	84636
H730_5	Fjellskål – Fetts fk. 2	45495
H730_6	Fjellskål, Dronningshaugen – Fetts fk. 3	6460
H730_7	Fjellskål, Gravrøys, Fetts fk. 4	35909
H730_8	Bysheim – klebersteinsbrudd, Helleren - Fetts fk. 1	66439
H730_9	Hamre – kyrkje/ kyrkjestad	84478
H730_10	Angleskår – Høggjen, Fetts fk. 1	45494
H730_11	Reistad - Helleristning	60566
H730_12	Haus kyrkje/kyrkjestad	84508
H730_13	Hamnevik - vrak	149362
H730_14	Bruvik – kyrkje/kyrkjestad	83962

OVERORDNA KONSEKVENSA FOR KULTURMINNER

Dei nasjonale måla for kulturminne og kulturmiljø har målsetning om å minske tapet av verneverdige kulturminne og verne og vedlikehalde eit utval verdifulle kulturminne.

Regionalt har ein ei målsetting om at omsynet til kulturminne skal sikrast gjennom utvikling og arealplanlegging.

Vurderinga av kulturminne er i dette planarbeidet i hovudsak basert på eksisterande SEFRAK-register, lokal kunnskap og oversikt over verna eller sikra kulturminne i kommunen. I rapporten *Kartlegging av funksjonell strandsone* (sjå vedlegg) er SEFRAK-registrerte bygg, arkeologisk kulturminne og kulturminne tatt med. Omsynssoner og område regulert til spesialområde vern frå kommunen sine planar er ikkje tatt med i kartlegginga av funksjonell strandsone.

Det er ikkje planlagd større byggjeprojekt som kjem i direkte konflikt med viktige kulturminner. Det er lagt inn fleire område med naust i område der det ligg SEFRAK-registrerte bygg. I tillegg er det gjeve løyve til opprusting og vedlikehald av den gamle dampskipskaia på Kleiveland. Dette er tiltak som potensielt kan føre til ein negativ verknad for kulturminne. Det er lagt inn føresegner som seier at det skal visast særskild omsyn til utforming og bygde omgjevningar der det er SEFRAK-registrerte bygningar. Fleire av kyrkjene er knytt til strandsonelandskapet. Det er difor i planen lagt vekt på å sikre omsyna til dette i planen.

Det er lagt inn 21 omsynssoner for bevaring kulturmiljø og 14 omsynssoner for bandlegging etter lov om kulturminner i planen. Ein har ikkje gjennomført ei verdivurdering av dei ulike SEFRAK-registrerte bygningane i strandsona.

Positive konsekvensar:

- Det er lagt inn totalt 35 omsynssoner på totalt 21 lokalitetar i sjø og strandsona
- Ein legg til rette for å skjerma det visuelle rommet kring Havråtunet
- Sikring av heilskaplege kulturmiljø kring kyrkjene i strandsona.
- Føresegn for nye byggetiltak i område med SEFRAK-registrerte bygg.
- Sikring av ikkje registrerte kulturminne – Laksegilje på Askjelneset og kalksteinsgruvane på Skaftå.
-

Negative konsekvensar:

- Opnar for utbygging i område med potensiell eller uavklart kulturminne-verdi.

Konklusjon:

Planframlegget sikrar ein rekkje kulturminne og kulturmiljø gjennom omsynssoner og føresegn. Generelle føresegn og omsynssoner er viktige føresetnadar for å sikre ivaretakinga av kulturminne i strandsona og ein vurderer at desse vil ha ein positiv verknad for kulturminna i strandsona. Manglande kunnskap om verdi av SEFRAK-registrerte bygg og ikkje registrerte kulturminne gjer at det er potensiale for at ein kan ha oversett eller feilvurdert kulturminne i strandsona. Nye tiltak i strandsona kan ha ein særlig negative effekt for kulturminne. Ein vurderer generelt at konsekvensen for kulturminne vil vera liten negativ til ingen verknad.

4.4 FRILUFTSLIV

Kommunen har mange og store område som eignar seg for friluftsliv. Det er ei rekkje merka stiar og opparbeida friluftsområde i kommunen. Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, samt Bergen og omland friluftsråd, er viktig for vedlikehald og opparbeiding av desse områda.

I strandsona er mange stader utilgjengeleg på grunn av bratt helling i terreng. Ein ser difor at det er særskild viktig å sikre dei områda som nyttast til friluftsliv i dag. I tettstader og bygder er det samstundes viktig å sikre område som har potensiale for friluftsliv. I planen sikrar ein friluftsområde gjennom arealkategoriane Friområde (3040) og Friluftsområde (6700), samt gjennom Omsynssone for friluftsliv (530).

I planarbeidet har ein arbeida parallelt med barnetråkk registreringar og prosjektet «Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde» for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag og god medverknad på dette tema.

BARNETRÅKK

Barnetråkk er ein metode der born og unge vert involvert i kommunal planlegging ved at dei registrerar bruken av areal i sine nærmiljø. Ferdsselsårer, område for opphald og leik, område som vert oppfatta som utrygge og liknande vert registrert. Gjennom digitalisering av data vert dette eit kunnskapsgrunnlag som kan nyttast i kommunen si planlegging.

I 2009 vart det gjennomført barnetråkkregistreringar i alle barnehagar og barneskular i Osterøy kommune. Våren 2015 starta ein opp nye barnetråkkregistreringar ved hjelp av eit nytt digitalt verktøy der barna sjølv registrerer digital informasjon direkte. Ein skal gjennomføre barnetråkkregistreringar ved alle barneskular i kommunen. I 2015 har ein gjennomført barnetråkkregistreringar ved 6 klasse på Lonevåg skule og 5-7 klasse på Hosanger Montessoriskule.

KARTLEGGING OG VERDSETTING AV FRILUFTSLIVSOMRÅDE

«Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde» er eit prosjekt i regi av Miljødirektoratet. I Hordaland er fylkeskommune prosjektkoordinator og dei samarbeider med Bergen og omland friluftsråd for gjennomføring av prosjektet i kommunane.

Metoden for prosjektet er utvikla av Miljødirektoratet og er skildra i rettleiaren M98-2013 *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde*. Den overordna målsetting er å sikre befolkninga høve til å drive eit variert friluftsliv. Konkret har prosjektet målsetting om å:

- ∞ *få oversikt over og tydeleggjera areal til friluftsliv i kommunen,*
- ∞ *verdsette og prioritere dei ulike friluftslivsområda, samt å sikre tilgang på denne informasjonen for eksterne og interne partar i kommunen.*

Prosjektet resulterer i to temakart som viser dei ulike friluftslivsområde i kommunen og verdsettinga av dei. Temakarta skal nyttast som ein del av kunnskapsgrunnlaget i kommunen si planlegging.

I Osterøy kommune starta arbeidet med prosjektet våren 2015. Kartlegging av friluftslivsområde i sjø- og strandsona har vore gjennomført fyst for å nytte denne informasjonen i kommunedelplanen. Arbeidet er organisert med ei lokal arbeidsgruppe bestående av representantar frå kommunen, og ei referansegruppe der representantar frå ulike lag og organisasjonar i kommunen, inkludert BOF, er representert. Områda som er kartlagt er digitalisert og ligg ved kommunedelplanen som eit temakart.

OVERORDNA KONSEKVENSA FOR FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE

I kommunen er det store område som grensar til sjø men grunna topografi er det berre ein mindre del av dette som er tilgjengeleg. I dette arealet er det største delen av bygningsmassen i strandsona etablert. Dette gjer at til tross for mykje strandsoner er det berre ein mindre del av denne som er tilgjengeleg for fri ferdsel. I samband med strandsona er ålmenta sin rett til fri ferdsel grunnleggjande for sikre friluftsliv.

Tilgang til areal for å drive friluftsliv er ein vesentleg faktor i folkehelsearbeidet. Her har Osterøy kommune store ressursar i frivillige organisasjonar som til dømes grendalag og helselag, som jobbar aktivt med å tilretteleggja område og ferdselsårer. Eit sentralt tema i arbeidet med folkehelse er å ha gode og attraktive areal i nærmiljøa der folk bur. Dei ulike areala som er nye i planen er i hovudsak i nærleiken av eksisterande grender, noko som gjer dei tilgjengelege for ei stor brukargruppe.

I dei fleste bygdene er det tilrettelagd område i strandsona som sikrar tilgang til sjø. Unntaket er Valestrand og Lonevåg, der det er tilrettelagde område i Brakvatnet og Husavatnet som er mest nytta til bading.

Planframlegget opnar for 12 nye friområde og friluftsområde. I tillegg ligg det i gjeldande kommune- og reguleringsplaner 13 område avsett til friområde og friluftsområde.

Avsetting av areal til friområde og friluftsområde bandlegg områda for bruk til andre føremål som til dømes fritidsbustad, bustad og næringsføremål. Det er imidlertid god tilgang på bustad, fritidsbustad og næringsareal i kommunen og dette er føremål som i stor grad ikkje treng liggje til sjø. I tillegg har strandsona ein særskild stor verdi som friluftsliv og rekreasjonsområde.

Det er lagt inn føresegner som gjer det mulig med enkel tilrettelegging i friområde og friluftsområde. Dette vil gjera områda meir tilgjengelege for ei større brukargruppe.

Det er i planframlegget lagt inn mulighet for mindre utviding av fleire av småbåthamnene. Tilrettelegging av areal for båtplassar gjev fleire mulighet for å friluftsliv på sjø. Samla sett er

det ikkje opna for eit stort tal båt plassar ut over dagens situasjon men det vil ha ein positiv effekt.

Positive konsekvensar:

- Sikrar ålmenta tilgang til fleire nye område i strandsona
- Tilrettelagd areal i tilknytning til bustadområde gjer at det vert eit betre lågterskeltilbod
- Mulighet for auka fysisk aktivitet
- Mulighet for ei mindre auke i talet på båt plassar kan føre til betre mulighet for friluftsliv til sjøs
- Føresegner sikrar muligheten for auka tilrettelegging slik at ei større brukargruppe kan nytte områda

Negative konsekvensar:

- Bandlegging av areal

Konklusjon:

Planframlegget aukar talet på friområde og friluftsområde i kommunen og sikrar ålmenta tilgang til strandsona. Konsekvensen for friluftsliv og folkehelse er positiv.

4.5 AKVAKULTUR


Havbruk er eit nasjonalt satsingsområde og skildrast som ei sentral næring for Noreg i framtida. Føresetnaden for satsinga på havbruk er at næringa skal vere miljømessig berekraftig.

Det er i kommuneplanen sin arealdel avsett 17 område for akvakultur i sjø, samt eit område for «Friluftsliv, ferdsle, fiske, natur og akvakultur (skjeldyrking)». Av desse er det i dag 8 område som har konsesjon til å drive produksjon av matfisk (laks, regnbogeaure og aure) i sjø. Totalt tillet desse konsesjonane ein kapasitet på om lag 21 000 tonn biomasse. I tillegg er det gitt konsesjon til 3 settefiskanlegg og eit slaktermerdanlegg.

Akvakulturproduksjonen i fjordsystemet kring Osterøy er høg og ein stor del av denne produksjonen føregår i Osterøy kommune sitt sjøareal. Sørfjorden har den høgaste akvakulturproduksjonen i høve til areal i Hordaland. Produksjonen er på **512** tonn/km² samanlikna med snittet i Hordaland på **34** tonn/km².

FJORDSYSTEMET KRING OSTERØY

Fjordsystemet kring Osterøy er skild frå kysten med fleire tersklar. Osterfjorden er djup og har to basseng på over 600 meter. Sørfjorden er skild frå Osterfjorden med ein terskel på om lag 170 meter mellom Votlo og Garnes og det djupaste bassenget på 450 meter. Vassvegen ut til kysten er lang og saman med dei topografiske tilhøva i fjordsystemet påverkar dette vassutskiftinga og det kan ta lang tid mellom kvar gong vatnet i fjordbassenga vert skifta ut. Spesielt gjeld dette området i Sørfjorden på innsida av terskelen mellom Votlo og Garnes.



Figur 17 syner terskel og djupner rundt Osterøy. Vassførekomsten Sørfjorden er markert med gult. Terskel ved Garnes-Votlo er synt med raudt og djupaste parti er vist med svart (kjelde: vann-nett.no).

LAKSEFJORDEN KRING OSTERØY

Inst i Osterfjorden og Veafjorden er fjordsystemet del av ein nasjonal laksefjord. Det er totalt 29 nasjonale laksefjorder i Noreg. I «Forskrift om særskilte krav til akvakulturelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder» vert det sett restriksjonar på bruk av laksefjorder og forvaltninga av fjordsystemet vert styrka til fordel for laksebestanden. I kommuneplanen sin arealdel er det i dag avsett område til akvakultur innanfor laksefjordsona. Det er ikkje gjeve konsesjon på nokon av desse lokalitetane.

SØRFJORDEN SIN MILJØTILSTAND

Gjennom byfjordgranskingane har ein over tid sett ei negative utvikling i høve til lågt oksygenivå og høgare temperatur i fjordsystema rundt Osterøy (*Bergensfjorden – natur og bruk, Johannessen, Sætre, Kryvi og Hjelle, 2010*). Auken i utslepp av organisk materiale påverkar oksygenivået i ein terskla fjord med låg vassutskifting. Oksygen vert forbrukt ved nedbryting av organisk materiale. I Sørfjorden er akvakultur ansvarlig for den største tilførselen av organisk materiale i fjorden.



Figur 18 syner godkjende konsesjoner til akvakulturanlegg rundt Osterøy (Kjelde: fiskeridir.no)

Akvakulturnæring har samstundes ein særleg høg førfaktor, noko som aukar tilførselen av organisk materiale. Inst i Sørfjorden (Blom - Skaftå) er oksygenivået så lågt at det nærmar seg Miljødirektoratet si tilstandsklasse III. I følgje vassforskrifta er målet å oppretthalde minst tilstandsklasse II – god økologisk tilstand. For å kontrollere miljøtilstanden i sjøområda med havbruk vert det utført miljøundersøkingar. MOM-B undersøkingar skal gjennomførast jamlig, medan MOM-C undersøkingar vert gjennomført ved pålegg frå statleg styresmakt.

Medan undersøkingane tyder på at miljøtilstanden er negativt påverka fleire stader i fjordsystemet rundt Osterøy har det i Sørfjorden vore ei særskild negativ utvikling, jf. figur 1. I dette område ligg det 4 lokalitetar med konsesjon. I tillegg var det tidlegare eit anlegg rett vest for Osterøybrua, i Viknabukta, som ikkje fekk forlenga mellombels løyve på bakgrunn av svært dårleg miljøtilstand i og rundt anlegget i 2015. Dette betyr ein reduksjon av produksjonen på 25% og med det ein redusert påverknad på miljøtilhøva.

MILJØUNDERSØKINGAR (MOM-B) VED OPPDRETTSANLEGG I OSTERØY KOMMUNE						
	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Oppdrettsanlegg innanfor Votlo						
Blom	1		4	2	3	2
Skaftå	2		2		3	3
Sandvik	1		4	3	3	3
Oppdrettsanlegg utanfor Votlo						
Litletveitholane		1		2	1	
Kvamme		1	3	3	1	3
Angelskår	1		1	2	1	1
Øyjordsvika	2		3		2	
Tepstad		1	1	2		2

Klassifisering miljøtilstand MOM-B

Meget god 1
God 2
Dårleg 3
Meget dårleg 4

Tabell 1 syner oversikt over miljøundersøkingar (MOM-B) som er gjennomført på oppdrettsanlegg i Osterøy kommune 2010-2015.

På bakgrunn av MOM-B undersøkingane er det krav om å gjennomføre MOM-C. Dette vart gjennomført på oppdrettslokalitetane Blom, Skaftå, Sandvik, Angelskår og Tepstad i 2014. Det er gjennomført undersøkingar i 3 prøvepunkt; 1) nærsone, 2) overgangssone og 3) fjernsone.

Generelt er det på alle lokalitetar konkludert med at det er belastningseffektar i sediment og botndyrssamfunn frå nærsone, overgangssone og fjernsone. Dei lokalitetane som ligg lenger ute i fjordsystemet (Angelskår og Tepstad) har ein markert mindre negativ miljøpåverknad i høve til dei som ligg inne i Sørfjorden (Blom, Skaftå og Sandvik).

Fylkeskommunen og fylkesmannen har pålagt oppdrettselskapa som har anlegg ved Blom og Skaftå og gjennomføre tiltak som betrar miljøkvaliteten og i tillegg å ha eit overvåkningsprogram. Tiltaka som er gjennomført omfattar overvaking av foring slik at ein oppnår betre kontroll med foringsmetode. Dette vil optimalisera foring og gje mindre spillfor og redusera utslepp. I tillegg vert det gjennomført overvaking av temperatur, saltinnhald med meir for optimalisera foropptak. Det er eit ynskje om å kunne nytte store plastringar i stadenfor dagens stålrammeanlegg. Dette vil gje meir plass til fisken, meir vassirkulasjon og ha større spredning på eventuelt utslepp frå merdane.

TILTAK FOR Å BETRA MILJØTILHØVE

Sjøtroll/Lerøy AS skal på bakgrunn av miljøtilhøva i Sørfjorden gjennomføre endringar i drifta. Dette skal gjerast for å redusera utslepp av organiske partiklar til resipienten. Tiltaka omfattar betre overvaking og kontroll under føring gjennom kameraovervaking og kontrollsenter, etablering av biomassemålarar, ynskje om overgang til plastringer og utsetting av større smolt. Det skal iverksetjast eit undersøkingsprogram som skal overvake miljøtilhøva i fjordsystemet i tillegg til dei vanlege undersøkingane ved anlegga.

Resultata av desse endringane i drifta vil fyrst vise seg om nokre år. Det er difor ikkje mogleg å sei noko no om verknaden. Sannsynlegvis vil endra drift saman med at det er eit mindre anlegg i drift i Sørfjorden ha ein positiv effekt på miljøtilstanden.

AKVAKULTUR SOM VERDISKAPAR

Akvakulturnæringa bidreg til verdiskaping i kommunen gjennom oppdrettsanlegg, setjefiskanlegg og slakteri/videreforedlingsbedrifta Lerøy Fossen AS. Utanom Lerøy Fossen har Lerøy/Sjøtroll er det sysselsett 39 fast tilsette i tillegg til ferievikarar. I tillegg har Tombre fleire stillingar utan at det har lukkast å få tilbakemelding på talet på sysselsette her. Det er antatt at det innan oppdretts- og setjefiskanlegg jobbar inntil 40 personar. Ein stor del av dei som er sysselsett er busette på Osterøy.

Næringa kjøper mange tenester i kommunen. I 2015 kjøpte Lerøy/Sjøtroll tenester for inntil 11 millionar kr lokalt ifølgje tal frå næringa. I tillegg bidreg denne bedrifta til lokalt organisasjonsliv gjennom økonomisk støtte. Oppdrettsnæringa bidreg lokalt både gjennom arbeidsplassar, kjøp av tenester og støtte til lokalt organisasjonsliv.

OVERORDNA VERKNADAR AV ENDRINGAR I AKVAKULTUR

Havforskningsinstituttet har utarbeida ei risikovurdering av miljøverknadar av norsk fiskeoppdrett (2014) på bakgrunn av ny kunnskap og nye data. Rapporten tek føre seg dei

overordna problemstillingane knytt til lakselus, smittespreiing, genetisk påverknad av rømt oppdrettsfisk, organisk belastning med meir, og er tinga av Fiskeri- og kystdepartementet.

I tillegg ligg det føre resultat frå miljøovervakingsprogrammet «Resipientundersøkelse av fjordsystemet rundt Bergen» 2011-2015 og det er gjennomført ei rekkje miljøundersøkingar av matfiskanlegg (MOM-B og MOM-C) rundt Osterøy. Den overordna konsekvensutgreiinga har lagt dette til grunn for vurderingane knytt til ein endra arealbruk.

Lakselus utgjer ein av dei viktigaste miljøutfordringane i norsk fiskeoppdrett. Det er dokumentert ein klår samanheng mellom intensiv oppdrettsproduksjon og lakselusmitte på vill laksefisk. Konsekvensen av auka lakselusmitte fører til ein auka dødlighet hjå vill laksefisk. Ut frå tilgjengelege data er det lite sannsyn for at anna smitte enn lakselus frå oppdrett påverkar vill laksefisk i sjøfasen.

Det er eit betydeleg utslepp av næringssalt frå oppdrett men data frå Hardangefjorden har vist at dette har liten verknad for vasskvalitet. Det er imidlertid stor forskjell på vassforekomstane og fjordområda reknast som meir sårbare enn kystområde. I Sørfjorden er vasskvaliteten bra men det er store utfordringar knytt til utslepp til organiske partiklar som sedimenterer.

Resipientundersøkingar i fjordsystema rundt Bergen syner at det generelt har vore ein negativ trend med synkande oksygennivå siste 30 åra og at den trenden har vore sterkare i Sørfjorden. Dette kan skuldast endra sirkulasjonsmønster, høgare vassstemperatur og/eller auke i utslepp av organisk materiale fører til auka oksygenforbruk i djupvatnet. I tillegg syner botndyrsundersøkingar på prøvestasjon lokalisert mellom Votlo og Haus at talet på artar går ned og det er ei negativ utvikling i perioden 1980-2013. Prøvepunkt lenger ute i fjordsystemet ikkje syner same negative utviklinga.

Arealendringa omfattar utviding av 4 eksisterande anlegg. Dette vil føre til ein auke i areal som vert beslaglagd av akvakultur. Plan- og bygningslova regulerar ikkje biomasse, dette vert gjort gjennom akvakulturlova. Ein går difor ut frå at det er same biomasse som i dag.

Nye akvakulturareal har fleire store samfunnsmessige fordelar. Dette er knytt til verdiskaping og arbeidsplassar. I tillegg er det positivt med ei tilrettelegging som sikrar matproduksjon med eit lågt karbonavtrykk i høve til ei bærekraftig samfunnsutvikling.

Fjordsystema rundt Osterøy er ein del av vandringsveg og leveområde til mange bestandar av anadrom fisk, mellom anna til laksebestanden i Vosso og Loneelva. Samla sett vert mengda akvakulturareal redusert. Det vert i tillegg sett miljøkrav til anlegget på Skaftå samstundes som anlegget på Blom vert tekne ut av planen. Lakselus er ikkje eit stort problem i Sørfjorden men dette vil ytterlegare føre til mindre smittepress av lakselus frå oppdrettsfisk til villfisk.

Eit større areal vil gje ei større spredning av utslepp frå anlegga. Det samla utsleppet vil vera på same nivået eller meir enn dagens tilstand, forutsett same førfaktor. Utsleppsmengda i fjordsystemet vil forbli det same. Låg vassutskifting og dårleg sirkulasjon gjer at det er usikkert om arealendringa i dette området vil gje ein betre miljøtilstand generelt i fjordsystemet.

For å sikre at miljøtilstanden ved føreslegne endringar vert betre i Sørfjorden er det lagt inn krav om avbøtande tiltak. Som eit avbøtande tiltak i høve til den negative effekten av utslepp av organiske partiklar og lakselusmitte er det sett miljøkrav til at det ikkje skal vera partikkelutslepp frå framtidige anlegg som vert etablert på Blom og Skaftå, jf. føresegn §. Difor vil ei utviding av anlegga i dette område vil føre til ei forbetring av miljøpåverknaden i høve til dagens situasjon.

Strengare krav til miljø kan føre til ei redusert drift eller at drifta vert flytta til andre område utan krav til miljø. Dette vil gje ein negativ samfunnsverknad ved at talet på arbeidsplasser og andre lokale ringverknadar vert redusert.

For ytre delar av fjordsystemet er nedgangen i oksygenkonsetrasjon i botnvatn ikkje så markert og betre vassirkulasjon gjer at ei utviding av oppdrettsanlegga på Tepstad og Angelskår ikkje kan seiast å ha negativ effekt på denne delen av fjordsystemet. Det er sannsynleg at den negative effekten av smitte i høve til rømning av oppdrettsfisk og auke i smittepress frå lakselus til vill laksefisk vil vera på same nivå som i dag.

Større areal avsett til akvakultur gjer at store areal vil verta bandlagt i høve til andre føremål som til dømes ferdsel og fiske. Det er trass i dette store sjøareal tilgjengeleg i fjorden og det er difor rekna som ein mindre negativ verknad totalt.

Samla sett vil arealendringa føre til ein positiv verknad for dei anlegga som vert utvida medan det for næringa kan vera ein negativ konsekvens at det vert sett miljøkrav og at område med konsekasjon (Blom) vert teken ut av planen.

Positive konsekvensar:

- Bidreg til matproduksjon med lite karbonavtrykk.
- Miljøkrav bidreg til mindre utslepp av organiske partiklar og med det ein betra miljøtilstand i Sørfjorden.
- Mindre smittepress frå lakselus på vill laksefisk i Sørfjorden.
- Meir oversiktleg og ryddig arealforvaltning ved å ta ut areal som ikkje er hensiktsmessig å ta i bruk med dagens teknologi.

Negative konsekvensar:

- Kan føre til mindre verdiskaping og arbeidsplassar dersom miljøkrav fører til redusert drift, t.d. kjøp av tenester, færre sysselsette og liknande
- Vert etablert svært store anlegg som tek opp store areal i fjorden.
- Færre akvakulturareal fører til mindre potensiale for at ny verksemd lokaliserar seg.

Konklusjon:

Utviding av eksisterande akvakultur gjev positive og negative verknadar. Dei negative verknadane er knytt til å leggja beslag på store fellesareal i sjø og til ein stadig forverra miljøtilstand i sjø, spesielt inne i Sørfjorden. I tillegg vil det vera ein negativ verknad med mindre kjøp av lokale tenester dersom det fører til mindre aktivitet.

Samstundes er det positive ringverknadar i høve til verdiskaping og arbeidsplassar. Gjennom å ta ut nokre lokalitetar og utvida fire andre vert den samla konsekvensen positiv. I tillegg vert det stilt miljøkrav til anlegga i Sørfjorden, noko som vil gje ein positiv effekt på miljøtilstand og smittepress frå lakselus på vill laksefisk.


4.6 SAMFUNNSTRYGGLEIK

Osterøy kommune har med sin topografi og infrastruktur særskilde utfordringar knytt til samfunnsrisiko når det gjeld naturkatastrofar. Avgrensinga av planområdet gjer at fare knytt til nærleik til sjø og endringar i havnivå er viktige fokusområde.

Risiko og sårbarhet (ROS) har for dei enkelte arealendringane vorte vurdert i arbeidsgruppa gjennom ein metodisk ROS-analyse, jf. Vedlegg 1. Det vil her verta gått gjennom dei viktigaste tema som omhandlar risiko- og sårbarhetsvurderingar og ei overordna vurdering av endra risikobilete.

SKRED

Skred er ein aktuell problemstilling i kommunen. Stor delar av planområdet er vist som aktsemdsområde for skred, det vil sei at det er potensiale for skred i dette området.



Figur 19. Figuren til venstre syner oversikt over kjende skredhendingar i kommunen. Figuren til høgre syner område som er vurdert til å kunne vera skredutsatt, der mørk raud farge syner utløpsingsområde og rosa er utløpsområde for skred (www.skrednett.no).

Auke i intensitet og mengde nedbør kan føre til at frekvensen av skredhendingar aukar. Dei fleste skredhendingane som er registrert er knytt til jord eller steinskred. Det er spesielt infrastruktur som er utsett for skader ved skred.

KLIMATILPASSING

Endringar i klimaet vil føre til ein større risiko for uønska hendingar, i hovudsak knytt til skred, flaum og auka havnivå. Kommunen må i si planlegging ta høgde for desse endringane og planleggje for å minimera skade på miljø, materiell og liv og helse.

Utgangspunktet for planlegginga må vera eit best mulig kunnskapsgrunnlag. Norsk Klimaservicesenter (NKSS) har kome med oppdaterte rapportar på framskrivning av endringar i klima og havnivå fram til år 2100. Desse er lagt til grunn for arbeidet i planen.

ENDRINGAR I TEMPERATUR

Framskrivning for temperatur syner ein forventta auke i gjennomsnittleg årsmiddeltemperatur i Noreg på omtrent 4,5 C i år 2100, på bakgrunn av det estimatet om størst utslepp av klimagassar (RCP 8.5). Estimert temperaturendring for Vestlandet ligg lågare, med ei anslått endring på inntil 3,7 C. Oppvarminga vil vera størst på vinter og minst om sommaren. Endring i temperatur vil ha liten innverknad på risiko for uønska hendingar og vil difor ikkje ha noko fokus i planarbeidet.

ENDRINGAR I HAVNIVÅ


Endringar i havnivå kjem i hovudsak av smelting av brear og innlandsis i tillegg til termisk ekspansjon av sjøvatn. Som ei motvekt til havnivåstigning er det for Osterøy estimert ei landheving på omtrent 1,6 mm pr år.

Framskrivninga byggjer på to ulike utsleppscenarior som gjer ei øvre og nedre estimat for havnivåendring (RCP 4.5 og RCP 8.5). Forventa maksimal havnivåstigning for Osterøy ligg 79 cm over dagens nivå.

Størst konsekvens får ein auke i havnivå når det fell saman med springflo og stormflo. Tidevatn med gjentaksintervall ein gong kvart 200 år aukar havnivået med 143 cm. Med størst auke i havnivåstigning vil dette gje eit mulig havnivå på 222 cm over dagens havnivå i Osterøy kommune. Dagens havnivå er målt ut frå gjennomsnittleg sjøvasstand siste 19 år (normalnull - NN1954) som er vist som kote 0 i kartgrunnlaget.

Klimaendringane som følgje av eit varmare klima vil i tillegg føre til fleire lågtrykk og med det ein auke i frekvensen av stormflo. Det er estimert at det som i dag er ein 200års hending vil i tida fram til år 2100 kunne gjenntakast i inntil 40 av åra. Dette vil seie at det som i dag er ei 200års hending vil i tida framover vera ei 5års hending.

Auken i hyppighet av stormflo kombinert med auke i havnivå gjer at det må leggest føringar i planarbeidet som reduserar risikoen for uønska hendingar.




Figur 20 syner endringar i havnivå for Osterøy fram til år 2100. Scenario for redusert utslepp er synt med blått og høgt utsleppsnivå er synt med lilla (Kjelde: NKSS, rapport 1/2015).

ENDRINGAR I NEDBØR

Ein auke i havtemperatur og lågtrykksaktivitet vil føre til ein auke i nedbør. Framskrivingar syner at det for Osterøy kommune anslagsvis vil kome mellom 10 til 19 % auke i årsnedbør.

Det er intens nedbør i løpet av korte tidsrom som skapar dei fleste uønska hendingane, i fyrste rekkje flaum og skred. Fram til år 2100 er det estimert at nedbørmengdene kan auke med inntil 33 % i døgn med sterk nedbør. Dette gjer at risikoen for flaum og skredhendingar aukar.



Figur 21 syner framskriving for auke i nedbør fram til år 2100 i prosent. Blå graf syner middels utsléppscenario medan raud graf syner høgt utsléppscenario (Kjelde: NKSS, RAPPORT 2/2015).

OVERORDNA KONSEKVENSA

Det er utført ein risiko og sårbarhetsanalyse for skred for kvart enkelt tiltak i konsekvensutgreininga. Det er lagt inn krav om at det i alle område som er vist med skredfare skal vera gjennomført vurdering av skredfaren før det kan gjennomførast skredfare. Det er vurdert til at dette ikkje endrar risiko eller sannsyn for uønska hendingar knytt til skredulukker.

Planframlegget opnar for fleire nye tiltak i tilknytning til sjø. Risikoen for ikkje-ønskelege hendingar aukar knytt til endringar i havnivå og auke i nedbør og flaum. Som eit avbøtande tiltak er det i høve til havnivåstigning sett inn eit krav om minimum byggjehøgde over sjø. Forventa havnivåstigning i tillegg til forventa høgde på stormflo og springflo er estimert til å vera på inntil 222 cm. Ved å leggja på ein buffer på 80 cm vert lågaste byggjehøgde sett til kote +3. I tillegg er det sett føringar for at det må vurderast høgare der det kan vera fare for oppstuving av vatn ved vassdrag og bølgehøgde. Dette er gjort for å redusera sannsyn og konsekvens ved auka havnivå.

Større nedbørsmengder og auka nedbørsintensitet gjer fare for fleire og større flaumar. Det er i planen ikkje lagt inn nye byggjetiltak i nærleiken av større vassdrag. Det er opna for tiltak

i nærleiken av mindre vassdrag. For å sikre at det vert tatt omsyn til flaumfare ved tiltak er det lagt inn omsynssone rundt alle vassdrag med tilhøyrande føresegn som seier at det skal takast omsyn til mulig flaumfare ved gjennomføring av tiltak.

Det er ikkje opna for ny industri eller anna verksemd som vil føre til ein auka risiko for uønska hendingar knytt til utslepp eller uhell .

Nokre av tiltaka vil medføre ein auke i trafikk og trong for parkering. Det er lagt inn føringar for naustområde at det skal kunne dokumenterast parkeringsplass ved etablering av naust. Dette sikrar at parkering ikkje skjer langs bilveg. Det vert likevel vurdert til at nokre tiltak vil medføre auka trafikk og auka fare for trafikkulukker.

Generelt gjer endringane i planen at det ikkje er ein auka risiko for uønska hendingar dersom dei avbøtande tiltaka i føresegnene vert følgt opp.

Positive konsekvensar:

- Omsynssoner rundt alle vassdrag
- Krav til skredvurdering i alle område som er skredutsatt
- Krav til parkeringsplass ved etablering av nausttomt gjer mindre trafikkulukker langs veg
- Minimum byggehøgde for tiltak i strandsona gjer mindre fare for skade ved auka havnivå.
-

Negative konsekvensar:

- Auka trafikk i enkelte område gjer auke i risiko for trafikkulukker
- Fleire bygningar i strandsona kan medføre auka risiko for skade på desse gjennom stormflo og vind

Konklusjon:

Generelt fører planen til at risikobilete ikkje endrar seg vesentleg. Auke i trafikk kan medføre ein auka risiko for trafikkulukker og ein auka bygningsmasse kan gje meir skade ved ekstremver. Føreslegne avbøtande tiltak som ligg i planen vil imidlertid gje eit risikobilete som i liten grad endra seg i høve til dagens situasjon.

5. OPPSUMMERING

Samla sett vert det lagt til rette for 37 arealendringar i ulike føremål i planen. Desse er vist i tabellen under.

Areal KU nr.	Stad	Gbnr	Nytt arealføremål
1	Kleiveland	108/4	Friluftsområde
2	Tysse kai	-	Småbåthamn
3	Tysse	106/157	Småbåthamn
6	Hanstveitholmane Fotlandsvåg	103/5	Friområde og bustadområde.
7	Fotlandsvåg	96/78 og 79	Sentrumsføremål
8	Lonevåg	96/2	LNF-spreidd naust
9	Fotlandsvåg	96/2 m fl	Småbåthamn og gjestehamn
10	Saltverket - Lonevåg		Akvakultur
11	Hosanger – Norlender Knitwear AS	88/12	Kombinerte bygg og anlegg
12	Hosanger	88/30, 31	Friluftsområde
13	Hosanger	88/1	Friområde
14	Hosanger kyrkje	88/1 og 39	Grav og urnelund
16	Hosanger	89/7, 8, 9, 56	Grøntstruktur
18	Hoshovde	85/5, 86/5, 87/3	Småbåthamn, naustområde, friområde m.m.
19	Nesjatun - Lonevåg	13/159	Konsentrert bustad
23	Raknes	118/2 m fl.	Friluftsområde
24	Raknes	111/62	Naust
25	Raknesvågen	111/1	Småbåthamn
26	Raknesvågen	111/1, 66 m. fl	LNF-spreidd naust og brygge
27	Hjellvik	118 m fl.	Friområde
28	Hjellvik	118 m fl	Naust
29	Hjellvik	118/1	Småbåthamn
31	Klenavågen - Hamre	128/3	Småbåthamn
32	Hamre	129/1	Naust
35	Hamre	129/1 m. fl.	LNF
37	Reigstad - Valestrand	145/6, 36, 44	Friluftsområde
39	Nedre Vikne	64/19	Friluftsområde
40	Skaftå	149/8, 149/52	Næring
41	Bruvik Kyrkje	152/8	Grav og urnelund
42	Kyrkjekaien Bruvik	152/8	Friluftsområde
43	Hamnevika - Bruvik	513/16	Småbåthamn
44	Ulvsnesøy - Bruvik	152/4	Tenesteyting
45	Tepstad		Akvakultur

46	Angelskår		Akvakultur
47	Blom - Skaftå		Bruk og verna av sjø og vassdrag - Akvakultur
48	Hamre, Kvamme og Bruvik		Bruk og vern av sjø og vassdrag
49	Langeneset, Ytre Bernes, Tjukkskogen, Hoshovde, Olsneset og indre Sørfjorden		Bruk og verna av sjø og vassdrag